

Vestland, Vestland

Av Tore Ørjasæter

Å Vestland, Vestland når eg ser deg slik
Med fagre fjell og fjord og tronge vik.
Det stig i all sin venleik stort og vilt
Og atter møter meg so mjukt og mildt.

Min lette båt ein solblank kveld eg ror,
sjå fjell og himmel sym på stille fjord
og djupe dalen med sitt grøne fang,
som skin av lauv og blom frå li og vang.

Og gleda strøymer i meg still og stor
med glans av bjørkeli og blåe fjord
Og i meg sjølv eg kjenner dypt av
den stille skogen og det store hav.

Sjå skuggane som kliv dei kvasse fjell
lik dagsens timar tøyser seg mot kveld
Det sveiper seg om tind og tronge dal
eit draumeslør av sumarnatti sval.



Motiv frå Løvstakken, Bergen.

Sernummer um Hordaland:

Ivar Aasen og fyregangsmennene i Bergen

Doggerland - det tapte landet i Nordsjøen

Njardarlog og Tysnes

Harald Sæverud og Edvard Grieg

Vestlandsk metallmusikk

I dette nummeret:

Stig Andresen	Siss og Unn	s. 2
Lars Bjarne Marøy	Hordaland: Møtestad millom by og bygd	s. 3
Lars Bjarne Marøy	Ivar Aasen og fyregangsmennene i Bergen	s. 4
Lars Bjarne Marøy	Anglo-latin med ei klypa salt. Part 2	s. 8
Thoralf Bergwitz	Diktet um kjærleiken	s. 9
Olav Torheim	Folket frå Nordsjøen	s. 10
Megan Leo	Vestlandsk metallmusikk	s. 12
Lars Bjarne Marøy	Hordalandskomponistane Sæverud og Grieg	s. 14
Samuele Mascetti	Wardruna på Chillon Slott	s. 16
Johannes Ebert	Misnøgjemarknaden	s. 17
Megan Leo	Njardarlog og Tysnes: Nerthus og Ty	s. 18
Olav Torheim	Kultur- og naturvern: Ein nynorsk nisje?	s. 2

Siss og Unn - Ein roman etter "Is-slottet"

Av Stig Andresen

Siss og Unn / Inger Bråtveit.
Oslo: Forlaget Oktober, 2009
176 s., ISBN 978-82-495-0704-7 (hf.)

Det er mange år sidan eg byrja å lesa ei bok av Tarjei Vesaas, og av alle Vesaas sine rike og beintfram ovstore verk, stend *Is-slottet* (1963) i ei serstoda, i jambreidd med nokre andre. På slump uppdaga eg denne titelen i ein bokhandel på verdsveven, og nyfiken som eg er, måtte eg røkja etter kva dette var, eg hev alt lese alle bøkene til Vesaas i fillor. Alle gode nordmenn veit vonlegvis at nett *Siss og Unn* er hovudpersonane i ein Vesaas-roman um oppvokster og um det vandslege og usegjelege millom vener i det nordiske vinterlandet, altså "*Is-slottet*". Jamvel um dette er ei sjølvstendig saga, lyt ein leggja vikt på at ein fær mest ut or henne um ein fyrst les Vesaas-romanen. For dette er ei merkeleg blanding av ei bok: både eit framhald av Vesaas si saga um livi til desse tvo jentone, men ei sjølvstendig saga med, som hev lagt handlingi til i dag, og ho tek upp eksperimentelle emne.

Skrivarinna er Inger Bråtveit (fødd 1978) frå Suldal, som nok er meir kjend for boki *Munn mot ein frosen fjord* (2002) som gjekk sin sigersgang i den gongen. Ein merkar godt påverknaden frå Vesaas, både med tanke på grunnmotivet i boki med desse tvo jentone, men språkleg au med det eksperimentelle språket ein kjenner frå Vesaas som nærsagt flyt av garde og ofte slær fram ein surrealistisk, elder i alle fall tankefull tone. Språkleg er boki morosam å lesa for målfolk, for ho er både skrivi på godt landsmål (um enn ikkje på høg-norsk) og store bolkar av boki er jamvel på svensk. For i Bråtveit si utgåva av saga er *Siss* svensk tilflytjar til eit dalføre i Noreg, og *Unn* den heimefødde norske jenta. I dei indre og ytre dialogene til *Siss*, vert det både skrivne og tenkt på svensk, noko som er eit kjærkome påfunn for ein samskandinavist som bokmeldaren.

Me fær fylgja desse tvo gjentone frå dei er unge gjentor og, slik bokmeldaren tolkar det, gjeng på barneskulen, og fram til dei byrjar på universitetet, *Unn* i Bergen og *Siss* i Stockholm. Venskapen millom deim veks av di dei er einsame, og dei er skilde frå dei hine på skulen på eit vis. Tilliks med Vesaas-romanen vert det ikkje fortald beint fram kva som i grunnen gjer desse gjentone so vare. *Unn* bur i skogen på ein gard som er utleigd, faren før sin veg ein dag og kom aldri attende, og mori let seg meir og meir inn i seg sjølv, til slutt vart ho råka av daudeleg kreft med spreiding. *Mummy Big* er det merkelege namnet hennar, og *Unn* vert meir og meir sjukepleiaren hennar, og mindre og mindre dotter hennar. *Unn* fær god hjelp til å



stella mori av ei plikttrugi moster, som bur i skogen, ho med, i ein annan part av bygdi. *Siss* bur derimot med baa dei svenske foreldri sine, men faren pendlar oftare og oftare til hyrnesteinsverksemd i mori vert meir og meir kjenslenæm og ute or lage med kvart som åri gjeng. Dette driv faren til å arbeida lengre og lengre kvar dag. Til slutt byrjar han å sova yver i pendlarhuset på arbeidet, noko som gjer mori endå meir skipla. *Siss* freistar å halda huslyden samla, for det meste ved å freista gjera mori meir vaksi, men det er hardt for henne med på heimefronten.

Mummy Big dør med kvart av sjukdomen, og *Unn* flytjer saman med moster, som er ei sterk og god kvinna som heile livet hev sett sine eigne livsmål på vent, so ho kunde hjelpe dei som var ikring henne, og no er det for seint med noko eige, slik ho ser det. Ho liver difor gjenom *Unn*, på sett og vis. Det er so mange vene sitat frå boki ein kunde velja ut, for Bråtveit er sanneleg ei kunstnarinna av rang med ordleikar verdige den rike seden me hev fenge frå ordtrollmannen frå Telemark: «Kva hjarta til *Siss* er laga av? Stål og fløyel er eit slikt jentehjarta laga av» (side 144). Ordet som høver best på denne boki er var. Baa gjentone er merkte av korleis dei hev det heime, og slik veks jentone upp og skal ganga kvar sin veg gjenom livet, endå um baa freistar finna vegen attende til den venskapen dei hadde i lag då dei var yngre. *Siss* finn seg til rettes i det intellektuelle kringværet i Stockholm på kunstogestudiane, medan *Unn* flytjer til Bergen for å freista finna noko av den same lukka der som ho ser *Siss* hev funne i Stockholm. Det er ikkje til å stikka under ein stol at *Unn* er den av dei tvo jentone som slit mest med arven frå oppvoksteren. Boki er til tider hjarteskjerande når ein anar korleis venskapen vert meir og meir til at *Unn* freistar å bruka *Siss* til å kara seg attende til livet med dei sterke hendene til *Siss*. *Siss* hev funne ein eigen streng å spela på, og er i stødt meir i stand til å hjelpe *Unn*. I god Vesaas-ande er ikkje dette ei bok som leflar med lukkelege endingar av det nord-amerikanske slaget, men kva meir som hender fær lesaren finna ut sjølv.

Det er mykje godt ein kunde draga fram i denne boki. Målet er rikt og det verkar utforskande og dei sinnelagsbileti som Bråtveit målar for lesaren gjer at ein vert sitjande å tenkja medan ein les, endå um boki er etter måten stutt. Boki liknar Vesaas-romanane. Den ytre hendingi er sparsam, men den indre handlingi er rik. Er ein er vand med den handlingsrike, vāsute og tidstelande kriminalromansjangeren som mange nordmenn les no um dagen, då er nok ikkje dette boki ein skal kjøpa. Men tykkjer ein um den norske bokheimen med skjønnlitterære verk som burde vera nok til å vara livet ut for mange av oss, so kann denne boki vera verd å få med seg. Og hev ein vorte fengd av sogor som *Is-slottet*, og er open for moderniseringar og utforskingar av den litterære arven frå Vesaas, då burde dette vera ein framifrå lesnad. Det er ei bok denne bokmeldaren held kjær, og ho eignar seg godt til å lesa fleire gonger, av di dei mange sinnbileti i boki gjev mykje rom til ettertanke. Ho er beint fram varmt tilrådd.

Hugsa bladpengane for 2014!

Giro er stifta inn i bladet.

Dei som hev fylgt *Målmannen* dei seinaste tri åri hev trulegt observert at kvaliteten på bladet stødt er vorten betre, samstundes som utgjevingsruta er vorti meir i rykk og napp. Det siste er ei utilsikta fylgja av det fyrste: Me hev vilja nytta meir tid på kvart einskilt nummer, skapa meir samanheng millom artiklane i bladet og eit betre framhald frå nummer til nummer. Dessutan hev redaksjonsmedlemene vore upptekne med ymse slags andre prosjekt som me trur kjem til å verta til gagn for målreisingi. Ein ting er visst: Me held fram som me stemnar!

Hordaland: Møtestad for by og bygd

Av Lars Bjarne Marøy

Dette nummeret av Målmannen er mykje merkt av Hordaland og Vestlandet. Det er soleis eit nummer litt utanum det vanlege, men det er mange gode grunnar til at me skulde laga eit slikt nummer. Hordaland er eitt av dei største og mangslungne fylki i Noreg. Her finn ein by- og bygdekultur hand i hand, og både byen og bygdena hev mykje av det norske serpreget i seg.

Hordaland fylke slik det er i dag er ein nokso ny skipnad. Fylket i slik det er i dag kom til i samband med hendingane kring kommunesamanslåingane millom Bergen på den eine sida og Arna, Åsane, Laksevåg og Fana på hi. Dei fire umeignsheradi vart lema inn i Bergen i 1972. I samband med dette vart det slutt på at Bergen var eige fylke, slik det hadde vore tidlegare.

Bryting millom by og land

Kulturbrytingi millom Bergen og dei hine kommunane i Hordaland kjem fram gjennom målsaki. Der Hordaland fylkeskommune er nynorskprega, er Bergen kommune bokmålsprega. Denne brytingi gjeng langt attende. Det interessante er at Bergen er ein storby med lange hevdslinor. Det var Noregs største by til langt ut på 1800-talet.

Det er nok utan tvil den byen, utanum Oslo, som greider å stå fram med eit mest samla preg. Bergensarane er nok ikkje alt like samla og kann føra harde stridar med einannan, men utetter i landssamheng er serhåten til bergensarane det folk ser. Der store byar som til dømes Porsgrunn og Skien, Sarpsborg og Fredrikstad tevlar med einannan, stend Bergen samla utetter.

Jamvel for nynorskbygdene vart byen soleis eit hovudkvarter når målsaki i tidlegare tider skulde drivast frametter. Vestlandske Mållag vart ei sterkt og målretta mållag som spela ei viktig rolla då nynorsken vart røysta inn i heradi på Vestlandet. Hordaland Mållag hev vore det største fylkesmållaget i landet med eit medlemstal som hev vikt innefor i Noregs Mållag.

Kjende politikarar frå Hordaland var millom dei som fekk gjort avgjerande nynorskvedtak i Stortinget. Christian Michelsen fekk innført sidemålsstilen i 1907. I det siste store politiske fyredraget sitt i 1924 uttala bergensaren Michelsen. - *Denne kultur (bondekulturen) representerer en ubrutt linje i vårt folkeliv. - Når vårt riksmål i snevert trangsyn efter min mening - unnskyld at jeg sier det - driver en agitasjon imot landsmållets store kul-*

turelle betydning, da er det å bringe splittelse inn på et området, hvor den absolutt ikke hører hjemme..." Ein annan statsminister som uttala seg um målsaki var Wollert Konow frå Fana. - *Fra min første ungdom har jeg følt mig varmt og sterkt og inderlig knyttet til landsmålsbevegelsen. Jeg har vært og er og vil alltid vedbli å være takksom i min innerste sjel, fordi jeg engang blev knyttet til denne; Ingen opportunistiske politiske hensyn skal formål mig til å fornekte den opfatning, at målsaken har vært den sak som sterkest har båret det norske folk frem i det siste*

hundreår. Det fanatiske hat mot denne bevegelse vil nok bli lagt ned om ikke så mange år som maktesløst og ørkesløst."

Tvo statsministrarar frå det som i dag er Bergen var med på å hjelpa nynorsken fram. Det segjer noko um den godhugen som ligg for nynorsk mål i Bergen. Um bergensmålet ikkje er beintfram nynorsk, so er det mykje norsk i det og nynorsk kann vera og er eit godt val for både bergensarar og andre hordalendingar. Framfor alt er nynorsken eit norsk mål som bind oss saman med resten av landet, for det er mykje austnorsk, nordnorsk og trøndsk i nynorsken, tilliks med vårt eige vestnorske målgods.

Bergen: Eit vindauga mot verdi

Når ein kjem til Oslo, kann ikkje Bergen tevla med den folketynngdi og makti som denne byen og umlandet stend for. På hi sida hev Bergen og Hordaland ei millomfolkeleg plassering som hev vekt. Bergen ligg strategisk plassert langs kysten på meir enn ein måte. Byen er høveleg plassert når det gjeld å taka seg sjøvegen til både Sognefjorden og Hardangerfjorden og likeins lengre nordetter. Cruisebåtane som kjem innum i sumarhalvåret set eit tydeleg merke på byen i sumarmånadene. Oljeplattformer og fiskeriering merkar mykje av næringslivet i Hordaland.

Sjøfarten kann vel på ein eller annan måte knytast til heile Hordaland. Det er vel snaudast ein einaste ein av kommunane i Hordaland som ikkje hev eitkvart slags samband med sjøen. Det gjekk lang tid fyre bilvegane og biltrafikken slo igjennom i fylket. Fyrst frå slutten av 1950-talet byrja det å endra seg noko. Nordhordlandsbrui var ei nyvinning for trafikken nordetter. Ferjeleiet millom Steinestø og Knarvik var kjent for å vera av dei mest, kannhenda det mest, trafikkerte i landet.

Eit mangslunge kulturliv

Kulturlivet i Hordaland hev ofte bygt på friviljug innsats med utspring i einskildpersonar. Det var slik Ivar Aasen kunde koma til byen og møta forståing. Her møtte han ein annan individualist, biskop Neumann, og han hadde saman med W.F.K Christie den rette ihugen for at ein mann som Aasen burde få

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 99156428

Skype: fivreltd25

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen følger redaktørplakaten!

granska det norske målet. Neumann fekk trøndarar til å hjelpa Aasen til å få stipend, so han millom anna kunde granska målføri i Hordaland. Når Neumann fekk trøndarane til å gjera dette, so segjer det noko um den styrkjen som ligg samla i kysten av Noreg. Når dei største kreftene her finn saman og samarbeider, kann ein koma langt.

I nyare tid hev Bergen og Hordaland møtt gjennom dei mange hordalandsstudentane som hev havt studietidi si i byen. Møtet millom by- og bygdeungdom hev skapt hopehavskjenslor og munna ut i mange spanande og sjølvstendige tildriv.

Musikklivet i Bergen er svært mangslunge. Filharmonien hev røter tilbake til 1700-talet, kyrkjemusikken hev havt solide utøvarar og me kjem inn på tonediktarene fleire stader. Seinare hev millom anna svartmetallmusikken fenge eit godt feste i Bergen. Historielag og andre med interessa for stadeigen sedhevd hev mange gonger drege fram både heidenske røter og kristningsprosessen. Svartmetallmusikken hev kome til med eit moderne uttrykk.

Det er mykje som kann segjast um Hordaland, me vonar at lesarane er litt klokare etter å ha lese dette nummeret. God lesnad.

Høgnorsk

Når berre det beste er godt nok:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

Sank ein tingar til

Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

Ivar Aasen og fyregangsmennene i Bergen

Av Lars Bjarne Marøy

Bergen var Noregs hovudstad i millomaldaren. Byen var kongssæte og eit nasjonalt sentrum. Byen var dessutan kyrkjesentrum og den største byen i Noreg fram til 1850-talet. I byen millom dei sju fjell vart det nytta norrønt i millomaldaren, og målet laut lesast av sume, rettslærde iallfall, fram til kring år 1600. Då det norrøne målet gjekk under og fall heilt ut kring år 1600, fanst det ikkje lenger nokor gamal skriftform ein kunde knyta den norske talen til. Det danske skriftmålet vart den viktugaste rettesnori når norsk talemål skulde gjevast att i ulike nedskrifter. Interesse for norsk talemål fall like fullt ikkje burt. Fleire målinteresserte med tilknytning til Bergen og Vestlandet skreiv ordsamlingar med norske ord.

Målgranskaren Gustav Indrebø meiner at ein kann segja at det fanst ei norsk ånd hjå bergenshumanistane på 1500-talet, og ho synt seg i den ihugen dei hadde for norsk saga og den tidi då Noreg hadde eit eige norsk mål. Han meiner at ein kann finna denne åndi hjå bergenshumanistar som Gjeble Pedersson og Absalon Pedersson Beyer. Ialffall er det ei kjensgjerning at personar med nær tilknytning til Bergen og Vestlandet skulde koma til å gjeva ut ordsamlingar med norske ord. Christen Jensson var den fyrste til å gjeva ut ei ordsamling frå norske dialektar. Den fyrste ordsamlingi til Christen Jensson hev vore tilgjengeleg for dei som kom etter han og vilde gjera det same, slike som Marcus Schnabel, Erik Pontoppidan og Laurentz Hallager. Dei nytta alle boki til Jensson. Det kann, meiner Indrebø, finnast ein tradisjonstråd frå bergenshumanistane til Hallager.

Er det rett, so kann me, segjer Indrebø, draga hevdslina lenger frametter. Hallager var ein fyregangsmann for W.F.K Christie som sette upp eit «Norsk Dialect Lexicon». Christie skapa det upplyste kringværet i Bergen som gjorde at biskop Neumann og andre kulturmenn der tok vel imot Ivar Aasen, og at biskopen jamna vegen for honom, segjer Indrebø. (Norsk Målsoga, 1951 s. 348)

Eit viktig spørsmål vert då: Kva var denne norske åndi? Korleis kom ho til uttrykk? Og kva rolla spela ho for Ivar Aasen? Lat oss fyrst sjå på ordsamlingane og folki attum deim og so på Aasen og Christie.

Christen Jensson

Christen Jensson var prest frå Askvoll i Sunnfjord. I 1646 gav han ut ei ordsamling



Bergen sett i frå Nordnes, 1839. Henta or
"Une voyage pittoresque" av August Mayer.

på kring 1000 ord. Jensson voks upp i Askvoll, so han kjende målet godt. Jensson skreiv ordi etter målføret, og la skrivemåten lite etter dansk.

Jensson var fedrelandssinna. I fyreordet sitt skriv han at andre bokskrivarar dedikerar bøkene sine til store og høge herar. Han vilde eigna boki si til sine kjære landsmenn. Han hev prenta henne «paa voris gode oc gamle Norske Sprog (som i Synderlighed med mange Tungemaal oc fremmet Sprog er bemenget, oc daglig Dags mere tiltager ...) diss klarligere kunne komme for Dagen, oc fra de andre adskillis ... « alle forbemelte gode Norbagger til Tieniste».

(Norsk Målsoga s. 343)

Indrebø skriv at den patriotismen og sjølvhevdingstrongen som bokmenn i utlandet knyter til dei litterære nasjonalmåli, den knyter Jensson til det norske talemålet.

Erik Pontoppidan (d.y)

Hundre år seinare tok biskopen i Bergen, Erik Pontoppidan (d.y), upp tråden. Han gav ut ut «Glossarium Norvagicum». Boki kom ut i Bergen i 1749. Denne boki er ei ordbok som er umlag på same storleik som Jenssons Dictionarium. Dei fleste ordi er henta frå Bjørgvin bispedøme, men nokre ord kjem frå andre stader.

Pontoppidan var vitkapsmann og hadde tidlegare skrivne ei bok um målet i Sønderjylland – «Det danske Sprogs Skæbne og forrige Tilstand udi Sønderjylland» Pontoppidan var ikkje norsk nasjonalist. Han skreiv derimot boki si av praktiske årsaker. Han hadde oppdaga at det var

mange ord i målføri i bispedømet som han ikkje forstod. Han tykte det var viktig å forstå innbyggjarane og sokneborni når ein skulde formidla dei kristne verdiane til deim, so difor var det ein god ting å ha ei ordsamling å venda seg til.

Boki til Pontoppidan var ikkje serleg god etter vitkapslege mål. Indrebø finn meir tiltru til Jensson, men det var viktig for samtidi den gongen at biskopen gav ut ei bok um norsk mål. Det auka statusen og godviljen for det norske målet.

Hallager

Bergensaren Laurents Hallager (1777-1822) gav ut «Norsk ordsamling» i 1802. Då var han student i Kjøbenhavn. I fyreordet skreiv han at dei leivningane som enno var att av det gamle norske målet, fanst ikkje eller var mest burte nær byane. Det var inne i landet ein kunde finna att leivningane av det gamle norske språket. Dei bøndene som hadde lite eller inkje samkvem med byane hadde eit eige serpreng i målet.

Hallager skriv etter Indrebø: "Det adskiller seg fra de tvende andre Nordiske Sprog, ei alene ved et rigt Forraad af egne Ord, en egen Udtale og egne Vendinger, men endog ved en egen Forbindelse af Ordene eller Syntax; saa at man kan sige, det ikkun har manglet Dyrkning ved Skriverter, for at blive et selvstændigt Sprog ligesaa vel som hine." Hallager tykkjer det er godt gjort at dei norske bøndene kunde halda so vel på målet, ettersom det hadde vore nært samband millom Noreg og Danmark i 300 år. Dei norske bøndene hev havt danske menn millom seg til dømes prestar,



Biskop Erik Pontoppidan

og berre danske bøker. Han meiner at det finst ein nasjonal byrgskap millom bøndene.

Hallager vil ikkje ha nokor utskiljing av eit norsk språk. Han vil berre at det norske i ordsamlingi skal rika upp det danske språket, som er sams millom nordmenn og danskar.

Schnabel

Marcus Schnabel planla ein grammatikk for hardingmålet som skulde jamførast med gamalnorsk. Grammatikken skulde ha med ei lista yver gamalnorske ord som fanst att i hardingmålet og nokre gamle brev, som skulde syna skriftmålsyvergangen til dansk. Boki vart ikkje fullført, og ho var ikkje oppdaga att då Norsk målsoga kom ut i 1951. Eit fyrearbeid vart prenta i 1784. Det er ei ordlista der ein fyrst gjev upp ord på gamalnorsk og so på hardingmål, so ein kann syna at det er samband millom bondedialekten i Hardanger og gamalnorsken.

Schnabel var den fyrste som gav seg i kast med å studera grammatikken i norske talemål. Den praktiske nyttetanken var òg sterk hjå Schnabel. Det var eit mål for prestar og andre som skulde ha med den norske ålmugen å gjera, so at dei kunde lære seg ålmugemålet, so dei kunde nå betre fram til nordmennene.

W.F.K Christie

Kva var det som dreiv W.F.K Christie til å laga ei ordsamling med norske ord? W.F.K Christie er vel for dei fleste kjend som mannen attum Bergen Museum, og mange kjenner honom vel dessutan som president på umframstortinget i november 1814. Etter 1825 laut Christie av helseårsaker trappa ned yrkessyslane sine. Då tok han til å arbeida med å få skipa Bergen Museum. Mindre kjend hev det vel vore at han òg tok til å arbeida med eit Norsk dialektleksikon. Dette er ei ordsamling som ikkje hev so

mykje praktisk verde i dag, men som var eit nybrotsarbeid på den tidi det vart laga. Det syner framfor alt at det fanst ein ihuge for å få fram det sernorske i norske bygdemål.

Christie lika å driva med vitskapleg arbeid, og det i seg sjølv var ei drivkraft, men attåt det var det nasjonale grunnar som må ha vore ei viktig drivkraft, meiner Indrebø (1937). Indrebø hermar ein umtale som Christie gav av arbeidet sitt i noko som han kallar «Underretninger» frå 1827: Skulde jeg engang faae dette mit Arbejde færdigt, da haaber jeg dermed at kunde bevise, at, naar man opholder sig over Bergenhuserne og leer dem du for de mange besynderlige Ord og Talemaader, de bruge, ja vel og forkaster dem, at saadanne Ord ere tydske, hanseatiske Levninger, da beleer man dem i Grunden, fordi de have beholdt saameget af deres Forfædres Sprog, eller fordi man selv er saa uvidende eller magelig, at man ikke kjender til eller vil undersøge dette. « Christie meinte at dei bergenhuserne var mest i samsvar med det islanske og det gamalnorske målet.

Christies tankar um det norske i målet

Christie nøgde seg ikkje berre med at han og andre oldgranskarar vilde dyrka bygdemåli reint teoretisk. Han ynskte at det norske talemålet som han fann hjå bonden, skulde få noko å segja i den røynelege verdi med. Indrebø hev funne fram til eit manuskript som ber titelen «Prøver af et norsk Dialect-Lexicon, især i Bergenshusiske dialecter». Det er ei innleiing til ein tidsskriftartikkel som aldri vart fullført. Her skriv Christie:

“Efterat det norske skrivtsprog er blevet løst af de fremmede Ledebaand, hvordi det igjennem flere Aarhundreder har været ført, seer Normanden nu med Gløde hvorledes det stræber efter at udvikle sig i en mere fri og national Retning, benyttende dertil de Elementer, Fortiden har leveret det og bevaret ikke blot i gamle Sprogmonumenter, men i Folkelivet og den Tale som dagligen høres i dette, Denne Stræben, som kjendeligen spores hos enhver national Skribent nyder ogsaa Understøttelse at Regjeringen i det denne kraftigen virker til at de ældste norske Sprogmonumenter, de ældgamle norske Love og Rettebøder eller Forordninger uforvanskede lægges Folket for Øjne og Saaledes gives det til fri Benyttelse som Material for Sproget. Enhver som med Opmærksomhed lytter til den norske Landalmues daglige Tale, vilde opdage, hvilken Sprogskat der skjuler sig i denne, og hvilken Rigdom den indeholder til Skrivtsprogets nationale

Seneca um natteranglarar

Det hev stødt vore blanda meiningar um natterangling. Ordi nedanfor er henta frå ”Moralske brev til Lucilius”, nedskrivne for 2000 år sidan:

”Dagane er alt stuttare: likevel er endå dagstidi lang nok berre ein stend upp med dagen, for å segja det slik. Den gode og plikttru mannen er den som ventar på dagen og fagnar fyrste solstrålane, men spott og skam fortener den som ligg og dormar når soli stend høgt på himmelen og ikkje vert skikkelegt vaken fyre det er middag!

Det finst folk som hev gjort dag til natt og natt til dag: dei opnar ikkje augo sine, som er tyngde av siste natterangel, fyre det stundar mot ei ny natt. Du veit det er folk som bur beint imot oss, på andre sida av jorda, som Vergil segjer:

Kvar gong soli stig upp hjå oss med den frösande hestar,

tendrar den rodnande kvelden for dei sin seinlege ljosgans;

Nett slik er det med desse natteranglarane eg nemnde; dei liver sakte på same staden som me, men dei liver på motsette måten; i vår eigen bt gjeng det soleides ikring folk som er våre antipodar, folk som aldri hev sett soli anten ganga upp eller ned, som Cato sagde um dei. Trur du slike folk veit korleis ein skal liva, dei som ikkje eingong veit når ein skal liva?

Underlegt at slike folk er redde for døden, dei hev då alt i livande live gjevi seg døden i vald! Det er eit vondt varsel berre å møta dei - på same vis som sume nattefuglar! Lat dei liva sitt natteliv, fylla seg med vin, smørja seg med salvar, eta og halda fest; det er ikkje gjestebod dei held, men gravøl for seg sjølve!

Du spyrr korleis det kann ganga til at folk vert so forvende at dei snur seg burt frå dagen og flytjer livet yver til natti? Alle lastar strir mot naturen, alle lastar er eit fråfall frå den naturlege livsskipnaden.”

Dvergemalet

Udvidelse samt til fremmede Elementers Udsondring af samme. Flere norske Forfattere have allerede for lang Tid siden leveret større og mindre Bidrag til at kjende og forstaae adskillige norske Dialecter, og nogle af de faa literaire Samfund, Riget hindindtil ha havt, have ogsaa rettet sine Bestræbelser derhen. Det er imidlertid endnu langt fra at man kan siges at have tilstrækkelig Kundskab om Rigets forskjellige Dialecter, hvilken først erholdes naar man har bragt det saa vidt, at et omfattende Dialect Lexicon..." Her gjeng ikkje manuset vidare.

Indrebø peikar på at ei ordleiding som «Skrivtsprogets nationale udvidelse» og «fremmede Elementers udsondring af samme» er ordleidingar som kan tolkast til å vera det same som mange andre hadde tenkt fyrr, alto at norske dialektord kunde koma inn i det danske skriftmålet. Det som derimot var heilt klårt var at dei som hadde skrive um dei norske talemåli tidlegare ikkje hadde havt nokon tanke um eit eige norsk skriftmål, dei hadde med eit Indrebø-ord ikkje nokon utskiljingshug, anten dei var norske eller danske. Christie meinte noko anna og noko meir enn desse forfatarane, slær Indrebø fast. Han hadde ein utskiljingshug og ein sernorsk reisingshug. Indrebø byggjer då på ordleidingar som «løst av de fremmede Ledebaand» og en «mere fri og national Retning for «det norske skrivtsprog».

I eit par litterære prøvor vik Christie av frå det vanlege danske normalmålet. I attforteljingi av Tovarhaugen som han gav ut i 1848 hev han nytta ein uppnorska dansk – norske ord og norsk ordlegging i stor mun -, med stilistisk evna. I eit gåtmanus som han fyrebudde for tidskriftet Urda i 1849, brukar han, segjer Indrebø, heilt norskt mål, og normaliserar til ein slags bergenusisk dialekt. Indrebø meiner at det ber i seg ei vitring um korleis Christie tenkte seg at programmet um «National Udvidelse» av skriftmålet kunde setjast i verk. Han var viljug til å taka upp norske element i det tradisjonelle danske skriftmålet, so mykje at det gav skriftmålet i Noreg ein serdåm; han hev samstundes leika med tanken um å få eit heilnorskt skriftmål. Ordboki skulde leggja tilfanget til rettes for deim som vilde arbeida for nasjonal oppbygging både på den eine og den andre måten. (Indrebø 1937, s. 80-85)

Veilor ved arbeidet åt Christie

Indrebø gjeng gjennom ei rad veilor ved ordsamlingi til Christie. Språkleg og vitenskapleg etter notidsstandard hev ikkje boki mykje verde, men på den tidi ho vart laga og under dei vilkår som då var, fyre Aasens

store arbeid, hadde boki vori til opplysning um det norske målet.

Christie var den fyrste nordmannen som tok fyre seg å laga ei norsk ordbok. Han nytta ordleidingi ei norsk ordbok i eit brev alt i 1828. Han gjorde eit medvite sprang då han gjekk frå å tala um «besynnerlige ord i det Norske» til «Ord i det norske». Det at han sette fram ei oppgåva og freista å løysa henne gjev, meiner Indrebø, Christie rett på eit rom i vitenskapssoga og den nasjonale soga vår. Det spelar ikkje nokor rolla um arbeidet vart ufullkome og mangelfullt. Han hadde sett seg den oppgåva at han skulde laga ei nasjonal ordbok, og då var det naudsynleg å få ei systematisk skriftnorm for dei nynorske ordi, visse rettskrivingsreglar og ei grammatisk formfesting.

Christie sette "den "Bergenusiske Dialekt og Udtale" svært høgt fordi den kom nærast upp til islandsk, det vil segja gammalnorsk. Det var ingen vandemål for "den Bergenusiske Bonde" å skyna islandsk, slo Christie fast. I 1828 fortalde han at han hadde: "... oplæst for kyndige Bønder hele lange Perioder af Islandsk, og de have forstaaet disse næsten bedre enn vort nu brugelige Skriftsprog." Christie samla på alt som var å finna av norsk kulturarv, og til denne arven hørde det norske målet, måvita.

Indrebø oppsummerar Christie sitt framlegg til normering med at han i sumt vilde ha det same som Aasen, medan i andre samanhengar hadde han hug til andre løysingar, det ser ein av hovudtendensen dialektleksikonet og gåtmanuskriptet hans. Christie skreiv da, dan, dar. Han kastar ofte t, d, r, n, m i utljod og i trykklette stavingar, og han brukar meir gj og kj framfyre ljodlett vokal. Dei fleste av desse avviki heng saman med at Christie arbeidde med vestnorske målføre.

Mange av ordi til Christie hadde ikkje vore ordboksførde tidlegare. Det var ei ovstor mengd av ord som for fyrste gongen kunde ha vorte kjend for ålmenta. Hadde boki kome ut fyre hovudverki til Aasen, vilde ho ha auka kunnskapen um norsk mål mykje. Indrebø meiner at boki kann ha kjeldeverde når ein granskar henne kritisk, for ho inneheld ord som ikkje hadde kome inn i andre ordbøker fram til den tid i 1937. Hans Ross som gav ut ei eigi ordbok hev nytta sumt av det tilfanget Christie hadde.

Aasen og Christie 1

Indrebø peikar på at det er rimelegt at ihugen til Christie umveges gav ein tilstøyt til at Ivar Aasen fekk koma i veg med å løysa oppgåva mykje betre enn Christie sjølv makta. Aasen kom til Bergen fyrst i

august i 1841. Der råka han rektor Hans Holmboe, Lyder Sagen og framfor alt biskop Neumann. Derimot ikkje Christie.

Christie bruka å liggja på landet på denne tidi og hev truleg vore ute or byen eller på ei eller onnor ferd. Det var biskop Neumann som tok seg av Aasen på vegner av Bergen Museum, men både Neumann og Christie sat i styret for museet. Dei møttest tidt og ofte i det vitenskaplege og literære laget Urdaforeningen. Og der var det Christie som representerte ihugen for norskt mål og kunnskapen i målet. Her hadde Christie gjort greida for etter måten mange målslege emne, so som samanhangen millom norsk og lappisk, og han hadde greidt ut um stadnamn og um runer. Arbeidet hans med dialektleksikonet hans hev vore vel kjent i Urda-krinsen, måvita. Christie var den som hadde skapt det interesse miljøet i Bergen som Ivar Aasen kom upp i. Det interesse miljøet som gjorde at biskop Neumann med ein gong vart oppglødd for Sunnmørsgrammatikken til den ukjende bondeguten, og tok seg av Aasen. Han skreiv artiklane i «Bergens Stiftstidende», og dimed vart Aasen åtgådd offentleg for fyrste gongen. Slik kom Aasen i samband med vitenskapsselskapet i Trondheim. Det er eit umveges samband millom Christie og Aasen.

Jamført med kjennskapen til og interessa for målgranskingi til Christie, spela det mindre rolla at Christie og Aasen møtte kvarandre eit par år seinare, i oktober 1843, segjer Indrebø (Indrebø 1937 s. 92-93).

Ei interessant vinkling som visst ikkje hev vore mykje framme er spursmålet um Aasen kjende til Christie sitt arbeid. Det veit me vel ikkje for vel, men det er iallfall rart at Aasen ikkje tok meir beinveges kontakt med Christie i fyrevegen. Dersom han hadde kjent til arbeidet åt Christie, vilde han vel ha teke kontakt der han hadde venta seg å få mest hjelp. Det måtte vel helst vera hjå ein som hadde same ihugen som han sjølv og ikkje hjå biskopen. Kor vel Aasen kann ha vore orientert um miljøet i Bergen er vel ikkje heilt klårt. Prost Thoresen kann ikkje ha vore kven som helst. Han var trass i alt far til Susanna Ibsen, so noko må han vel ha havt av hopehav nedetter mot Bergen, men det verkar som eit vågelegt tiltak å reisa til Bergen og springa dørene ned hjå dei lærde folki som fanst i byen.

Det vert ofte lagt vekt på at Aasen var den som oppdaga bergensarane og vilde søkja hjelp hjå yverklassa, men det opplagde er vel å segja det motsette: at det var Aasen som vart oppdaga. Aasen kunde koma til Bergen og visa fram lærdomen sin, og det fanst døme på folk som vart hjelpte fram frå bondestanden og til studiar

og utdanning, men det kravdest velvilje for at ein skulde lukkast. Når Aasen hadde halde seg på Sunnmøre, hev det vorte lagt vinn på bondebyrgskapen hans og anna standsmidvit, men det var vel heller slik at det var gode tilhøve til å arbeida med språk reint teoretisk der han var. Han hadde ikkje trong til å reisa ut, tykte han.

Men då han kom til Bergen, oppdaga han ei onnor verd. Ei verd der folk hadde kome seg vidare i livet av di dei hadde drive studiar og granskingsarbeid. Aasen møtte andre folk som var idealistar og granskarar og som hadde eit nasjonalt sinnelag. Denne verdi tykkjest å ha vore frammand for Aasen fram til då. Aasens mål var at han ikkje skulde lyfta seg yver standsgrensone, men vera ein vanleg innbyggjar i riket, ein tenar for ålmugen so å seia.

Men so kjem det til at Aasen hadde eit uvanleg program fyre seg. Han vilde granska folkemålet, slik det låg fyre. Det var ikkje noko ein kunde gjera frå ein lærestol eller frå ein by, det måtte gjerast på reisefot. Og det må ha hasta for Aasen med å koma i gong. Tidkrevjande studiar vilde ikkje hjelpa han med å henta inn det tilfanget han trong til å verta klokare på det norske folkemålet. Det måtte granskast frå dei bygdene der det var til. Når møtte so Aasen Christie og korleis arta det seg?

Aasen og Christie 2

Aasen kom til Bergen i juli/august-dagane i 1841. Her møtte han altså biskop Neumann og andre lærde menn i krinsen kring Neumann, men han møtte ikkje Christie. Sidan for Aasen attende til Solnør og vart sitjande der til året etter. Då hadde han fenge reisestipend frå Trondheim. Um sumaren 1842 var han i Trondheim og helsa på dei lærde kring Vitskapsselskapet. Seinare byrja han granskingsferdi si. Fyrst i oktober 1843 skal Aasen ha møtt Christie.

Når ein les korleis Aasen introduserar møtet med Christie, verkar det rart at desse tvo mennene ikkje hadde møtt einannan tidlegare. Det kann visseleg forklarast med Christie rett og slett ikkje var tilgjengeleg på dei tidspunkti Aasen var i Bergen og at mennene ikkje innleidde noko brevkifte eller noko anna samband, men likevel må då Christie ha vore godt kjend med Aasen. Biskop Neumann fekk presentert Aasen både i bergenspressa og oslopressa. Aasen var oppdaga. Neumann må òg ha tala med Christie um Aasen. Det verkar merkeleg at Aasen og Christie, um ikkje anna, kom i brevbyte med kvarandre.

I den tidi han budde i Nordhordland, reiste Ivar Aasen ni gonger til Bergen, og i oktober 1843 vitja han altså Bergens Museums grunnleggjar, Wilhelm Frimann Koren



W. F. K. Christie

Christie. Aasen skriv sjølv: "Paa en af disse Reiser indfandt jeg mig hos forhenværende Stiftamtmand Christie, en Mand som jeg burde have gjort tidligere Bekjendtskab med, da Ingen af de Store i landet har en saadan omfattende Kundskab om Almuesproget forenet med Interesse for samme, som han har. Denne Mand har ogsaa samlet Materialier til en Ordbog over Almuesproget, og hans Ordsamling indbefatter efter hans eget Udsagn henimod 10 000 Ord, hvilket forekom mig næsten utroligt, da min egen Ordsamling uagtet al dens Rigdom paa den Tid ikke var betydelig større.

Christie er desuden i Besiddelse af mange Bøger i det oldnordiske og i beslægtede Sprog; blant Andet fik jeg her see Ihres store Dialektordbog, som jeg saa ofte havde seet Henvisninger til. To vigtige Skrifter, nemlig de nordiske Sprogs Historie af Petersen, og det islandske Sprogs Oprindelse af Rask, fik jeg laant hos ham; og disse Bøgers Læsning var mig uidentvilt til betydelig Nytte. Derimod fik Christie min overfor nævnte Grammatik for de bergenshusiske Dialekter til Gjennemsyn, og hans Bemærkninger ved et Par Steder i dette Skrift gjorde at jeg siden forandrede disse."

Aasen var imponert over Christie sitt arbeid, og var hjå honom mange gonger. Aasen hadde òg ordsamlinga hans til gjenomsyn eit par vikor i september 1848: "Denne Samling er meget stor, men en betydelig Deel af Ordene ere anførte i forskjellig Form paa to eller flere Steder." Det er liten tvil um at Bergen hadde vore eit sentrum der interessa for det norske målet hadde vore sterkare enn andre stader. Aasen må ha kjent til dette, men kor store kunnskapar han hadde um målgranskingi til Christie og um tidlegare arbeid med ordsamlingar, er det vel i røyndi ikkje heilt lett å vita.

Granskingane til Christie var elles ikkje

noko som kunde ha ført fram til noko norskt skriftmål. Dei var altfor ufullstendige og lite gjenarbeidde. På den andre sida, um Aasen berre hadde vore interessert i pengar, kunde han ha reist beinast til vitskapsselskapet i Trondheim. Det er liten grunn til å tru at dei hadde vist same velvilje, men det veit me ikkje. Tur til Oslo var det nok ikkje tale um.

Avslutning

På ein eller annan måte visste Aasen at det var lurast å reisa til Bergen. Det segjer vel noko um prestisjen attum innsamlingsarbeidet til Neumann og Christie. Bergen var den største byen i Noreg på denne tidi, og i røyndi måtte byen vera det motsette av alt det Aasen såg fyre seg at han skulde lukkast med. På den andre sida, nett det byvorne og det store var det som sette landsbygdi klårast i umriss. Her kunde tankane og utsyni til Aasen opna seg. Her kunde evnone hans koma klårast fram i dagen.

Den norske åndi må vera knytt til at Bergen hev vore ein by med nasjonal prestisje og byrgskap. Den nasjonale åndi må ha vore viktug for Aasen. Der folk vilde byggja upp eit vitskapleg sentrum utan røynelege vitskapsfolk, der må ein ha havt noko av den same sjølvstendeviljen. Det viktigaste var ikkje dei vitskaplege titlane og dei formelle lærestolane, men at ein vilde koma fram til noko på idealistisk grunnlag. Det hadde Aasen og Christie sams. Slik sett kann ein vel òg tala um eit romantisk huglag og vilje til å tenkja stort. Aasen fekk ikkje berre høve til å tenkja stort, men til å gjera storverk med.

Seinare skulde det lukkast å få til eit universitet i Bergen, men det var eit krafttak som folket her vest laut slita fyre, og det var fyrst i 1946. Mange ættleder laut slita med å granska seg fram til det dei kunde finna ut meir eller mindre på eigi hand, men frå 1946 hev folkeopplysingi og ålmenndaningi gjenge fram. Den norske åndi kunde me ha leita vidare etter, men det fær greida seg for denne gongen.

Kjeldor

I arbeidet med dette stykkjet hev eg framfor alt nytta tvo bøker av Gustav Indrebø:

- W.F.K Christie – Norsk Dialect-Lexicon og nokre folkeminne og brev, 1937, utgjeve ved Gustav Indrebø.

- Norsk Målsoga, 1951.

Anglo-latin med ei klypa salt. Part 2.

Av Lars Bjarne Marøy

Umsetjing er eit viktig umkverve for alle som er upptekne av språk, men både korrektur og umsetjing er felt som vert vanvyrde i mange samanhengar. Det er ikkje uvanlegt at tekster vert umsette beint fram frå det eine målet til hitt, utan at umsetjaren tenkjer på målkjensla. Heller ikkje er det uvanlegt at datamaskinor umset tekst på slumpesame måtar.

Men det er langt frå berre serskild fagkunne som arbeider med umsetjing. Vanlege menneske må skriva um eller lesa mykje på engelsk i mange samanhengar. Det påverkar kvardagsspråket.

Målkjensla på nynorsk vert i røyndi pressa frå tvo hald. På den eine sida hev ein den substantiviske stilen med tilhøyrande anbeheitlese-ord. Desse ordi høver godt i ein tysk stil, men bryt ned den verbale stilen som skal sermerka det norske målet. Frå hi sida kjem dei latinske ordi inn via engelsk, millom anna som sideuttrykk til substantiv med ei meir folkeleg ordlegging i engelsk.

Ålment sett kann ein vel segja at nordmenn hev ein slags simultankunnskap i engelsk og i bokmål. Tysk mål er nok meir ukjent for dei som ikkje hev lært målet i skulen. Tyske kjeldor på nettet er helder ikkje nâme nær so umtykte som dei engelske: Det er vel dei færreste som set seg ned og les tysk når dei heller kann få noko på engelsk.

Kvifor er det likevel slik at ein meiner at det skjer lite endringar i det norske målet når me opplever eit sterkt press frå engelsk når studentar utdanar seg og lærer fagspråk, når folk arbeider og er på verdsveven på fritidi og når engelsk språk når inn gjennom mange andre ålmenne påverkarar? Trulegt er det av di nordmenn flest, til no iallfall, hev ei oppleving av at det som vert sagt på engelsk ikkje er godt nok på norsk når dei skal uttrykkja seg berre til andre nordmenn eller forstå fullt ut det som vert sagt. I tillegg kjem det vel at dei latinske uttrykki kann yverførast millom engelsk og norsk utan av folk ansar på at det er noko unorsk yver deim. Når ein ser dei i engelsk, og dei ikkje vert rekna som rare i norsk, men er i gjengs bruk, so tenkjer ein ikkje yver at det finst andre ord som er norskare. Lat oss sjå nærare på ulike tilhøve som det er verd å gå åt og vera merksam på um ein vil gjera målet sitt norskare og halda avstand til engelsken.

Semantisk sett må ein spytja seg um

ikkje dei latinske ordi trengjer undan norskare ord som burde ha vore nytta og som hadde styrkt den norske målkjensla. Dei anglolatiniske ordi øydelegg ikkje noko serleg i den grammatiske parten av målet, iallfall ikkje i fyrste umgang, men dei veikjer medvitnet um og bruken av ord som klårt og påviseleg er norske.

Ord me ikkje tenkjer yver til dagleg

Nokre døme vil vera med på å kasta ljós yver det eg segjer. Ord som inntrengjande og påtrengjande er gode norske ord for det anglolatiniske intens, men intens breider um seg og er mest einerådande, i det minste millom unge skribentar. Spelar det nokor rolla um ein til dømes segjer - ein intens gjennomgang av kjenslgjerningane i saki - eller um ein segjer ein inntrengjande gjennomgang av kjenslgjerningane i saki? Kann ei påtrengjande stemning verka for påtrengjande, slik at ein helder vil ha ei intens stemning?

Me lyt nok leva med dei anglolatiniske ordi, men bør me ikkje tenkja oss um fyre me gløymer gode norske avløysarord? Kompetanse er eit ord som er mest einerådande i dag. Dugleik, sakkunnskap, serkunnskapar eller serleg fagkunnskap er ord som er åt å drukna og kverva burt. Ordet sak vert dessutan trengt attende av ordet case frå engelsk. Ein snakkar um case studies, men det må då vel heita sakstudiar. Sak- og personstudiar kann det vel vera tale um, det med.

Med kompetanse og case vert sak til noko mindre sakssvarande eller relevant som det gjerne skal heita i dag. Då fell sak ut i formi sakleg eller sakssvarande med det same. Når ordet sak vert skove til sides på tri slike umkverve, då vert det då vel snøgt til at case, kompetanse og relevant et meir um seg. Dei som verkeleg slær på stortromba skal vel nytta ord som validitet og reliabilitet. Då er ein eit godt stykkje undan folkemålet som kann greida seg med ord som til dømes gildskap og truverde eller pålitelege funn.

Menneske på norsk heiter human på engelsk. Samansetjingar med human hev eit tilvik til å eta seg fast i norsk. Humanisme er nok eit ord me treng, men det er mogleg å nytta andre ord for til dømes humanitær. Velgjerdarbeid, friviljugt hjelpearbeid, veldedig arbeid, godgjerdarbeid og velferdsarbeid. Human kann vel heita menneskevenleg, hjelpsam, menneskekjærleg, godhjarta og liknande.

Pengar, næringsliv, næringsssysell, pengefolk, pengestyrd, næringsstyd. Slike ord vert det ikkje nytta mange av. Derimot kjem gjerningsordet kommersialisera og tilleggsordet kommersiell inn. Ein kommers høyrer me vel ikkje so ofte. Det er vel gjerne forretning eller business som spreider seg attåt kommersialisera og kommersiell. Å gjera pengar av, pengestyrd og pengesaker kann vel stå i jambreidd med kommersialisera, kommersiell og business. Men det trengst nok fleire ord som kann tevla med desse anglo-latinske ordi, jamvel um dette er ord me ikkje tenkjer yver til dagleg.

Eit trivhovda anglotroll

Aktiv og aktivitet er ord som folk ikkje legg merke til. Ord som verksam, arbeidssam, onnug og trottug, arbeidsglad, idug og andre ord fell ut og aktiv kjem inn. Sambandet millom aktiv og aktivitet er truleg med på å styrkja aktiv på kostnad av andre ord. Når tvo ord heng saman og det tredje heng på hjul, so kjem aktivisera inn med det same. Ein hev namnord, tilleggsord og gjerningsord eller - som dei segjer mest no - substantiv, adjektiv og verb. Når ein hev alle desse tri på plass, må ein passa seg: For då treng ein ei pakka med det same av norske ord, og so lyt ein akta seg so ein ikkje gløymer ord som berre høyrer til ein av klassane. Ein kunde kalla det eit trihovda anglotroll.

Det hender vel jamvel at ordklassar vert gløynde. Ein ihuga mann hev mange høyrte um, men det det er vel meir sjeldhøyrde å høyra um at folk var fylde av ein sterk ihug. Men skal ein få dekt heile rekkja med aktivitet, aktiv og aktivisera, so må ein vel ty til til dømes arbeidsgjermål, arbeidssam og å arbeida seg i gong. Det vert vanskelegare å hugsa slike ordklasse-samankoplingar enn å berre velja den latinske ihopkoplingi. Serleg når det norske og det engelske er likt og ein les mykje engelsk, då melder ordi activ, activate og activity seg snøgt, men norskdomen vert sterkare med å nytta dei norske ordi, so ein gjer vel i å akta seg og tenkja gjennom kva ein vinn og kva ein taper med å taka til seg av anglo-latinen.

Ord som gjeng på å verdsetja i ulike samanhengar hev kome i bakleksa. Det skal heita vurderer, og so kjem det til ei rad ord som gjeng på å vurderer. Feilvurderer, nedvurderer m.fl. Skal ein koma slike ord til livs, må ein finna ein oppbyggnad som

gjer at ein ser ein samanheng i heile rekkja av ord som hev stomni vurder-. Verbal substantivet vurdering kjem til, so kjem ein til feilvurdera, nedvurdera, umvurdera og so vidare. Dei som gjeng endå meir engelsk til verks skal vel nytta ord som evaluera, estimera, feilestimera og liknande. Ord som miskjenna, mismæta og tenkja eller prøva på nytt let ikkje til å slå like godt til, men dei kann nyttast. Og ein må understreka at det som regel alltid finst ei rad gode ord for dei anglolatinske, so vel som for anbeheite-else-ordi. Det gjeld berre um at nordmenn fær bygt upp lysti og evna til å finna dei norske avløyasarordi.

So er det slik at nokre ord hev kome inn som nokre slags framslengespråk (tenåringsspråk). Dei vert nytta i slang-språket der ungdomar kjem i hopelag med dataspråk eller filmspråk og so spreider dei seg med kvart. Ordet kødding av engelsk kiding på engelsk hev vel nesten slege rot i talemål mange stader, men i skriftspråket stend det vel ikkje på langt nær so sterkt. Ordet deal hev vorte snikin-

nført frå tv-seriar, reklame og amerikanske filmar. Avtala lyder i mange samanhengar for høgvyrdeleg, og unge menneske meiner at det hev ein gamaldags klang.

Eit uttrykk som òg spreider seg mykje er "high five". Det er langt frå det til å segja; "Klapp meg i handi", so kva som skulde til for å få ungdomar til å tenkja norsk her, er ikkje godt å segja, men det hadde vore moro um einkvan fann på og fekk gjennomslag for eit norsk uttrykk for det same.

Tidlegare snakka ein um bull shit med ulike tillegg og understrekingar, men uttrykket hev visst gjenge litt av moden. I gatespråket heiter det vel gjerne no dritt og møk um kvarandre med ulike tilleggsord som drittpreik, møkka-arbeid og liknande. Gatespråket er det kannhenda vanskeleg å gjera so mykje med og ordi her, er ikkje nett kjerneordi som held det norske målet saman, men gatespråk, daglegsmål og skriftspråk heng saman. Norskdom ein stad kann spreida seg til norskdom ein annan stad, so å tenkja

norsk gagnar oss alltid. Det er berre me norske som kann styrkja vårt eige mål, so me hev eit arbeid å gjera.

Ein tener på å taka seg i vare for anglo-latinen

Dersom ein ser på språket ut i frå det at det er språkmøte med ord som lærer folk ordtilfanget i eit språk, so kjem ein vel til å måtta segja at det er viktugt at ein språkbrukar ser eit ord so mange gonger som råd. Jamt og samt er det slik at norske språkbrukarar ser etter måten mange norske ord, og dei skynar norske ord utfrå hopehenget dei vert nytta i. Ein skulde ikkje tru at det kjem til å verta verre å skyna norske ord, endå um det kjem til fleire anglolatinske, men det er i fyrste umgang. Det er langt frå visst at den anglolatinske pågangen kjem til å stogga, og me bør vel kor som er satsa på det me er best til, og det som ingen andre tek seg av – å nytta det norske målet so mykje me maktar. Anglo-latinen er soleis noko ein bør vera varsam med og taka med ei klypa salt.

Diktet um kjærleiken

Av Thoralf Bergwitz (1922-2010)

Det er kjærleik i augo som blenkjer
når du ser på ei jente so ferm
det er kjærleik i guten som tenkjer
den gjenta er visseleg varm

Det er kjærleik i augo som glitrar
når du ser for deg gjenta so ven
det er kjærleik i sansar som sitrar
når du ser for deg guten so pen

Det er kjærleik i hjarta som bankar
når du ser for deg den du hev kjær
det er kjærleik i herlege tankar
når du drøymmer um - vera han nær

Det er kjærleik i hjarta som brenne
når din kjæraste ven er deg nær
det er kjærleik den iling som tenner
når du kysser den ven du hev kjær

Det er kjærleik i blodet som rislar
når du legge ditt barn til din barm
det er kjærleik den kjensla som tislar
når du sit med ditt barn på din arm

Det er kjærleik den umsut du syner
det barn som er trssigt og villt
det er kjærleik den varsemnd du hyser
for barnet som skrik og er illt

Det er kjærleik den hjelp som du yter
dei trengjande mange som svelt
det er kjærleik i klædi du byter
på barnet som ikkje er stellt

Det er kjærleik i handi du rekkjer
til han som er utstøytt og arm
til han som d'er ingjen som vekkjer
med ei hand han kann kjenne er varm

Det er kjærleik i ordet som trøystar
når du kjenner deg sår i din hug
når du tykkjer at livet det haustar
og i bringa du kjenner ein sug

Det er kjærleik ordet som vermer
når du fryse so sårt i ditt sinn
når tankane flakkar og svermer
og du veit korkje ut eller inn

Det er kjærleik i handi som stryke
so varlegt og varmt på ditt kinn
når nervune er ved å å ryke
ho lindrar og roar ditt sinn

Det er kjærleik i hesten du sala
til han som var skulda for svik
mot regimet som nekta han tala
for fridom, for rettfærd mot krig

Det er kjærleik den venskap du hyser
for ein kjenning i "fiendeland"
det er kjærleik den tillit du viser
når han kjem med si famlande hand

Kva meiningi er vel med livet,
er det ingjen på jordi som veit -
Eit angande pust nedi sivet -
var det alt - ja, då var det leit

Lat oss tru på eit liv med litt kjærleik
lat oss elske vår syster og bror
dei som liver langt burte - og serleg -
dei som liver sitt liv der du bur

Måtte kjærleikjen vinne i livet
og trui på kjærleikjens makt
måtte menneski slutte å kive
me hev utspring i kjærleikens akt.

Thoralf Bergwitz var fast skribent i Målmannen. Diktet um kjærleiken var millom dei siste stykki som han sende inn til bladet. Det hev vorte liggjande upublisert til dessar.

Folket frå Nordsjøen

Av Olav Torheim


I våre dagar er havet vorte noko som skil menneske frå ein annan. I gamle dagar var sjøen derimot noko som skapte samband. Det er berre å sjå korleis dei gamle heradsgrensone gjeng i Bygde-Noreg, so ser ein snøgt at det ein gong var havet og fjorden som knytte folk saman: Folk rodde eller sigla for å koma seg til kyrkja eller på fiske. Byen Bergen er i våre dagar fyrst og fremst kjend for å vera innestengd millom sju fjell, med luftreining um vinteren og med langsame bilkøar både mot nord og sud på ein E39 der vegarbeidet aldri tek slutt. Den gamle hamnebyen Bergen hev likevel vore eit vindauga mot den store verdi, noko som framleis speglar seg att i talemålet med serbergenske ord som til dømes "løvang" for langkost. Likeins syner funnet av Halsnøybåten frå 400-talet at båthandverket ikkje hev brigda seg so mykje upp gjennom ættledene, det hev tvert imot vore velupparbeid frå uminnelege tider.

Sjøfarten hev lange tradisjonar i Noreg, kann henda lengre enn det folk er klår yver: Det var frå havet at dei fyrste nordmennene kom. Um nordmennene ikkje er fødte med ski på beini, so er me i alle fall fødte med sjøbein.

Doggerland, det tapte landet på havbotnen

Visste du at Nordsjøen sume stader ikkje er meir enn 18 meter djup, og at me ikkje skal meir enn 8000 år attende i tid fyre store stykkje av Nordsjøen var turt land? Doggerland er eit nytt geografisk namn som forskarar er å ta å taka i bruk på eit land som ikkje lenger finst. Landet hev fenge namn etter Doggerbanken, som er den grunnaste staden i Nordsjøen. For steinaldermenneski i Nordvest-Europa var dette eit verkelegt land med busetnad. Det var på same tid som både Noreg og dei britiske øyane låg trykte ned under isen. Doggerland knytte Jylland i hop med sudaustkysten av England og strekte seg nord til Vikingbanken vest for Bergen. Einast Norskerenna skilde landet frå fastlandet i Noreg. Det høgaste punktet i dette landet var det som i dag er Doggerbanken, og som på det grunnaste berre ligg 18 meter under havyta. Den gongen låg sjøen 120 meter djupare enn i dag.

Kjennskapen til livet i Doggerland fekk ein fyrst frå fiskebåtar som fekk merkelege saker og ting i trålen: Verktøy laga av stein og bein, menneskebein og dyrerestar, til dømes mammuttenner. Fyrste gongen var i 1931 då



Doggerland, slik det var på sitt største.

trålarer Colinda dreiv med fiske aust for Norfolk, i nærleiken av Owen-banken. Dei fiska upp eit stykkje gamal torv som kapteinen braut upp med ein spade, og inni fann dei ein harpun laga av bein. Sidan vart det gjort hundrardtals fleire funn frå fiskebåtar – som øksar, spjut, fiskereidskapar og fyrty av flint. I 2009 vart det jamvel fiska upp ein bit av ein hovudskalle frå ein neandertal. Det var ein skjelskrapar som gjorde det uppsiktsvekkjande funnet 15 kilometer utanfor kysten at den nederlandske provinsen Zeeland. Likeins hev forskarane fenge meir kunnskap um plantelivet i Doggerland etter å ha studert gamalt pollen som var avsett i gjørma på havbotnen.

Jamvel um ein lenge hev visst at det hev budd menneske i Doggerland, er det fyrst i samband med oljeverksemd i at det hev vore mogleg å kartleggja landskapet på havbotnen. Sumaren 2012 kunde British Royal Society endeleg leggja fram eit kart yver Doggerland slik det ein gong var. Landet var munlegt større enn det ein hev kunna tenkja seg til dessar. Det gjekk heile vegen upp til Nord-Skottland, det knytte Jylland i hop med dei britiske øyane og det gjorde det moglegt å ganga til fots frå Frankrike og rett

yver til Irland. «Det var det rettelege hjarta åt Europa», hevda Richard Bates, geokjemikar ved St. Andrews-Universitetet i Skottland.

Dei fyrste nordmennene, kom dei frå Doggerland?

Den siste istidi varde i 70.000 år. Det var for 18.000 år sidan at den siste istidi byrja gå mot slutten. Der det tidlegare var kald og turr tundra byrja livet å spira fram. I um lag ti tusund år var det eit yrande liv midt ute i det som i dag er botnen av Nordsjøen. Menneski som levde her var folk som hørte til det forskarane kallar for den mesolittiske steinalderkulturen. Dei flutte ikring med kvart som årstidene skifte, og dei dreiv både med veiding, fiske og sanking. Forskarane meiner at det skal ha vore mange titusund av desse menneski på det store slettelandet ute i Nordsjøen.

Då dei store ismassane hadde smelta ned for um lag 10.000 sidan, tok dei nordiske landi langsamt til å hevja seg. Samstundes med at isen tok til å tina upp langs kysten, byrja havet å stiga. Ein fekk soleis den verknaaden at Noreg tok til å hevja seg medan Nordsjøen langsamt byrja søkkja i havet.

Um ein ser på kart yver korleis isen drog seg attende, so ser ein at Vestlandet var vorte turt land lenge fyre isen hadde drege seg attende frå det sentrale Austlandet. For å koma seg yver til det nye landet i vest kunde ein soleides einast koma seg med båt. Og nett slik er det at arkeologane i dag ser det fyre seg.

Dei eldste båtane som arkeologar hev funne er stokkebåtar, båtar som er gravne ut or trestokkar. Desse finn ein heilt attende til den neolittiske steinalderen for meir enn 8000 år sidan. Pesse-kanoen, verdsens eldste båt, vart funnen i Nederland i 1955. Karbon-dateringar fortel at han er frå den tidlege mesolittiske perioden millom 8040 til 7510 fyre vår tidsrekning.

Norskerenna er so djup at ho aldri hev vore turrilagd. Men Norskerenna er ikkje breidare enn 50 kilometer på det smalaste. Og på hi sida såg folk at eit nytt land reiste seg, og dei mest vågale valde å setja yver med dei primitive båtane sine.

Arkeologane hev teke i bruk nemningi «pionerbusetnaden» um den eldste busetnaden i Noreg, busetnaden er so gamal som 9000 år. I det seinaste hev arkeologane byrja knyta pionerbusetnaden til Ahrensburg-kulturen. Denne kulturen vert dagsett til siste bolken av istidi, um lag 10.500-9000 f.Kr, og han er utbreidd både på den britiske og nederlandske sida av Nordsjøen. Denne kulturen er soleides den same som fanst i Doggerland. Granskarane tolkar funni som dagsens arkeologiar hev gjort slik at den norske «Fosna-kulturen» er ei vidareføring av Ahrensburg-kulturen.

Eit nord-europeisk Atlantis?

Ei gåta som folk aldri vert ferduge med å spekulera i, det er kva som kann ha vore upphavet til myten um Atlantis. Etter det Platon umveges fekk vita, og som han skriv um i dialogen «Timaios og Kritias», skulde Atlantis ha vore eit mektig rike som vart teke av havet og vart burte på berre èi natt. Tallause teoriar er vortne lagde fram um korleis denne forteljingi skal tolkast og kvar dette landet eventuelt kann ha vore. Både Kreta, Azorane og jamvel Sverike er vortne lagde fram som moglege kandidatar.

Helder ikkje Nordsjøen hev vore fri for desse spekulasjonane. Forskaren Jürgen Spanuth var i årevis yvertydd um at skriftene til Platon og inskripsjonar i gamle egyptiske tempel laut tolkast slik at Atlantis må ha vore ute i Nordsjøen. Spanuth var viss på at Helgoland ein gong var det største fjellet i Atlantis. Når det gjekk tapt, stod einast fjellet att. Kjelda for dette er Platon sjølv, som segjer at etter at landet gjekk tapt, var det einast «kongen sine raude klippor» som stod

att, og Helgoland er kjent for dei raude klipponer sine. Spanuth kunde dessutan syna til eit gamalt gotisk kart, som syner til eit Atlantis som ligg ute i Nordsjøen.

Spanuth lagde fram ideen um at det som i dag er øyi Helgoland skal ha vore det politiske og religiøse senteret i Atlantis. Denne øyi skulde vera identisk med den Basileia-kongsøyi som Homer skildrar i Odysseen. Pytheas frå Massilia umtalar folket i Basileia som hyperborearar, og knyter dei soleides opp mot endå eit mystisk og ukjent land, denne gongen med utgangspunkt i gresk mytologi. «Hyperborearane bur i fjernaste Norden rett attmed havet», skreiv den greske diktaren Aristeas, meir enn 700 år fyre Kristus. Og Plinius den eldre slær fast at «den niande bogen gjeng gjennom Britannia og gjennom landet til hyperborearane, der varar den lengste dagen 17 timar». Det høver ikkje so reint dårleg med Helgoland, som er på 54' 10" nordleg breidd.

I 1954 sette Spanuth ut på ein ekspedisjon mot Helgoland for å prova at teorien hans var rett. Um lag seks sjømil utanfor kysten av Helgoland sende han ned dykkarar for å leita etter spor etter den tapte sivilisasjonen. På botnen av havet oppdaga dykkarane ein stor, undersjøisk mur, 1012 yards lang og 328 yards vid. På innsida av muren fann dei store haugar med sand, haugar som såg ut til å dekkja ruinar av bygningar.

Ein annan granskar som hev argumentert for at Atlantis må liggja i Nordsjøen er den franske geologen og ingeniør Jean Deruelle, som i 1999 kom med boki «L'Atlantide des Mégalithes». I denne boki gjev han ei rasjonell løysing på problemet med «dei store slettene» som Platon fortel um. Platon fortel um ei ovstor sletta, og på yta skal sletta ha vore heilt flat. Sletta skal ha vore avlang av form, med 530 kilometer lengd og 360 kilometer breidd. Sletta var umgjevi av ei menneskeskapt vollgrav, 180 meter breid og 30 meter djup. Deruelle argumenterar for at denne sletta faktisk kann ha vore til på den flate og turrilagde havbotnen i Nordsjøen. Platon hev berre mistydd èin einaste ting, og det er at det ikkje var nokor vollgrav kring sletta, men snarare eit dike som folk hadde samarbeidd um å byggja opp for å stogga det stigande havet (på same måten som nederendarane hev gjort i moderne tid). Samarbeidet um å byggja diket hev gjort det naudsynt å organisera livet i Doggerland under makti åt èin hovding, eller konge som Platon skildrar det.

Kunde heile Doggerland ha vorte burte på ei natt, slik soga um Atlantis fortel at det

skal ha hendt? Ja og nei. På den eine sida so er det klårt at det hev vore ein prosess som gjekk yver tusundtals år når Doggerland langsamt sokk i havet. På den andre sida so var slutten for Doggerland rettelegt dramatisk: Storeggaraset var eit ovstort undersjøisk ras i Norskehavet. Raset hende for um lag 8200 år sidan, og volumet skal ha vore på 3000 km³. Rasmassane var samla upp under heile den siste istidi. Dei rasa heile 800 km ut i djuphavet, og skapte ein tsunami med ei flodbylgja so høg som 10-12 meter.

Ein kann berre fyrestella seg kva slags katastrofe denne tsunamien hev vore for steinaldermenneski som opplevde denne, og minnet um denne katastrofen hev trulegt vorte yverført frå ættled til ættled.

“Dei gav oss ein arv til å gøyma”

Av alt dette kann me slutta at me nordmennene stødt hev vore eit sjøfarande folk, jamvel heilt frå fyrste stundi av. Det var dei mest vågale og eventyrlystne som tok seg yver Norskerenna frå det rike Doggerlandet til den karge norske naturen, til eit land der sumaren var stutt og vetteren lang. At me seinare skulde verta dei fyrste til å oppdaga både Grønland og Vinland, det skulde soleides ikkje vera til å undrast yver.

Me kann vidare slutta at Nordsjøen alltid hev havt ein sentral plass for me som er nordbuarar. Ikkje berre i dag når me pumpar upp olje, men jamvel den gongen det var forfedrane våre som sjølve vandra der. Det er sjølve fedrejordi vår som me i dag borar oss ned i for å henta upp olje og gass til milliardar.

Når ein ser den norske soga i eit titusundårsperspektiv, so vert det meiningslaust at den eine ættleden som voks upp etter andre heimskrigen skal gjera heile Nordsjø-olja um i pengar i ein einaste stor jafs, og det ikkje for anna enn å sikra sine egne pensjonar. For denne ressursen er ein arv frå forfedrane - og eit lån frå borni våre. Der resten av Europa sidan 2008 hev vore tyngd av finanskrisa, der hev den oljesmurde norske økonomien gjort det moglegt å føra vidare ein politikk som ikkje kann bera seg i lengdi. Når Statistisk Sentralbyrå fortel at me kann verta so mange som 8 millionar menneske i Noreg samstundes med at det er slutt på både olje og gass, då skynar ein at eitkvart er gale. Um forfedrane våre frå Doggerland hadde sett det som gjeng fyre seg, so hadde dei nok gjeve klår melding um at slik kann det ikkje halda fram. Det me tek frå det gamle landet vårt lyt me framfor alt nytta til å tryggja det nye.

Vestlandsk metallmusikk

Av Megan Leo

Ein finn røtene til svartmetallmusikken i Skandinavia, men det var eit engelsk band som fyrst fekk mynta ut termen svartmetall (Venom). Den svenske Bathory (Thomas Forsberg) stod fram under det svarte merket med myrke og illevarslande stemningar, fødte ut or dei kalde nordanvindane, og med harde og inntrengjande sjølvljodar (vokalar). Ljoduttrykket hans vart førande for dei som vilde fylgja i desse myrke fotefari. På denne måten kom den norske metallmusikken nokre år seinare. Det var ein sereigen musikk med stormslag (blastbeats), med kalde, myrke og nordiske gitarrikk - og med tekster som gjekk i djupni på det heile. Ein stor part av desse myrke hordane kom frå vestkysten av Noreg.

Ein kann merka seg at det finst eit stort framspring av tonediktatarar i lengjingi av den klassiske musikken til millom andre Edvard Grieg og Geirr Tveitt, og ein kann byrja undra seg yver kva det er som set serpreget til slik stor musikk. Me finn motstykket til den klassiske musikken i den myrke skaparkrafti til svartmetallartistane. Kvar og ein som hev vore i Vest-Noreg må ha bite seg merke i dei monumentale landskapi som reiser seg frå fjøre til fjell, gravne ut og forma gjennom titusundtals år av elvar og isbredar. Desse majestetiske landskapi hev kveikt musikkgrupper som Windir, Immortal, Taake, Gorgoroth, Burzum, Enslaved, Obtained Enslavement, Ancient, Helheim, Hades, Forgotten Woods. Dei hev alle lekamlege røter knytte til Vestlandet. Dei metafysiske røtene deira er òg her.

Den segnumspunne landkunna til Vestlandet hev ofte ytterleggående utformingar med svære, høge fjell og djupe vatn. Den djupaste innsjøen i Europa er i Vest-Noreg, Hornendalsvatn. Lange dalar og store mengder regnfall pregar landsluten. Det er myrke skogar og myrke vintrar. På dei høge fjelli legg snøen og isen seg tidleg, og takk vere sjøen vert klimaet verande vått og rått til langt ut på våren.

Hades og Taake: Det kom eit skip til Bjørgvin...

Senteret på Vestlandet hev lenge vore Bergen. Det var her at langvegfarande skip lagde til kai, og jamvel i dag er det



Taake på festivalen "Kings of black metal", Giessen, Tyskland, 2011.

den største byen. Dei sju fjelli som umkransar byen hev ein mytisk plass i saga, serskilt heksefjellet Lyderhorn der det heiter seg at heksene møttest på Valborgsnatti (natt til 1. mai), Jonsokaftan og Jolaftan. Bergensgruppa Hades hev laga ei låt, "An Oath Sworn to Bjørgvin", der teksti knyter seg upp mot ei tilsvarande mystisk fjellscena:

*"In my dreams I saw them
They made me swear the oath
At the seventh of the seven mountains
The twenty first of December"*

Lyrikken vekker liv i ei heidensk fortid, kannhenda var det her forfedrane verkeleg heldt dei viktigaste rituali og seremoniane, det var her eidane vart svorne. Same kva kjensgjerningane måtte vera i desse oppdikta forteljningane, denne dikttingi kallar fram minne av heidenske og hendingsrike kveldar på bergenske fjell.

Bergen skal vera millom dei byane i verdi der det regnar mest. Dette vert godt innfanga i albumet av Taake som heiter "Over Bjoergvin graater Himmerik". Tåke er eit namn for den skodda som ofte legg seg yver Bergen, og den myrke naturen i området som ofte fylgjer med i umrådi kring Bergen er teken inn i musikken på sine eigne underfundige måtar.

I teksten "Nattestid Ser Porten Vid", ser me ein poetisk strofe som den nedanfor :

*" Dagen er kvelt
Natten er vores igjen
Og vanære lurer
Bak hvert kaldt tre*

*Under de hatske fjells
Storkronede tinder"*

Fjell er krana med stjernor som på ei klår og kald natt i Bjørgvin. Bandet Helheim hev òg lyrikk som fører saman bilete frå ulike sidor av det vestnorske kystlandskapet.

*"I havets svarte dyp, under den farefulle
sjø
Havet rundt alle land, der ferdes ingen
mann*

*Kom søsken av Jormundgand, bli med i
den siste strid*

*Kom i deres fars navn, Loke venter dere i
krig"*

Dei djupe sjøvegane som ligg kring Bergen og som gjorde Bergen so viktig då sjøtransporten var den førande måten å reisa og frakta varor på, er den viktigaste byggjesteinen for fantasileiken i denne samanhengen. Fantasileiken gjeng naturlegvis langt burtanfor vår tids forfina smak, og legg seg meir som eit mytisk og mytisk yverbredisje yver det myrke og veldige havet som ligg kring den vestnorske kysten.

Immortal og Burzum: Iskalde fjell og fjordar, fantasifulle meisterverk

Immortal er ei musikkgruppa som hev henta den musikalsk kledebunaden frå landskapet ved naturen og kulturen innanfor tonediktningi si. Dei tok bileti sine til det fyrste albumet "Diabolical Full Moon Mysticism" frå ruinane ved Lysekloster. Dei skreiv songar som "A Perfect Vision of the Rising Northland" og "Mountains of Might". Songar som er



Terje "Valfar" Bakken (1978-2003) nytta seg av originale verkemiddel i metall-musikken sin, som trekkspele. Han kalla musikken sin for "sognametal".

fulle av fantasi og tankeleik som dei hev laga sjølv. Noko av musikken er fiksjon, men fylgjer i trappetegi til den episke vestlandsnaturen med fjordar og fjell. Dei synte aldri beinveges til Vestlandet eller Bergen, men um ein les tekstene deira so kann ein tydelegt sjå fyre seg fjelli på Vestlandet um vinteren, dekte av is og snø:

*"So rightly I am watching
These mountains that I know
Forever standing here
These mountains northern face",*

Burzum er ein annan umtykt - og illgjeten - artist som skapte si eigi fantasiverd utan å syna beinveges til nokon lekamleg stad i Noreg. Samstundes manar det myrke og iskalde ljusbilætet fram bilæte frå Vestlandet. Og les ein tekstene er det likeins:

*"I immaterialize
And slowly drift
Into the unknown
With the cold winds with soul
The winery plains lie untouched
I ride on my elements
Towards the stars unseen"*

Dette er ei draumeverd som er meir av det indre slaget, og mindre av det ytre. Dette i motsetnad til Taake der dei musikalske tankeføringane munnar ut i ein endefram hyllest til Bjørgvin. Det myrke musikklandskapet til Burzum er av det episke og sveipande slaget, nett som fjelli. Her lyt ein "lesa millom linone", men um ein gjer det so finn ein den same hyllesten til det dramatiske og storslagne landskapet som finst på Vestlandet.

Windir: Sogemedviten sognametal

Windir frå Sogn skreiv tekstene sine på



målføre, "sognamaol", og dei var ikkje redde for å blanda bitar av hevdvunne melodiar inn i metallmusikken sin. Musikken kjenner seg sers "vestlandsk" på denne måten. Jamvel um dei bergensbaserte gruppone sumtid nyttar noko som liknar moderne, utvatna bergensmål i tekstene sine, so skil det seg ikkje so mykje frå bokmål. Tekstene til Windir er tvert imot godt røtte i den lokale dialekten:

*"i skjine ao maon va ra nåke eg saog,
nåke so lea seg i skogen vaor.
Traska ondrande opp fø å sjao ken da va.
Da vakkje nåken, men nåke ra va.
Eg kjende ri va rar, men utn å kjenna.
Eg håyrde ri va rar, men utn å håyra.
Eg saog ri sto rar, men utn å sjao.
Eg fólde instinkte å innøve eg for.
Ke konne ra vera, Haukarei va vaor?"*

Det heile skaper ei stemning som fører oss attende til den avsidesliggjande landsbygd. Det er ei folkloristisk tilnærming i tekstene som minnar um eldgamle sogor som vert førde frå ættled til ættled.



Burzum er både umtykt og illgjete.

Ai jenta gikk i krystallnatti, hinna skjede so raine å uåpna.

Hinna haor blafra i ran kalde vidn I maonaskjine saog ho ljøse ao vegen.

Vegen ti han ho fann.

Ain stålte å staute strismann.

Daira liv skolde no førainast i ai flåtte krystallnatt.

Snyen laog so kvite å fine Gudadn viste seg i maonaskjine.

Gudadn teke seg ao rai baiggje å om strismann' skolde faidla.

Unga ska no veka opp i ait rike so staut å stålt "

Attåt sjølve innhaldet i tekstene, so gjev sjølve dialekten oss ei god kjensla av å vera på Vestlandet. Samstundes gjev melodiane ei kjensla av noko eldgamalt og hevdvunne.

Svartmetall: Ei kulturovring til å rekna med

Dei som ikkje alt er kjende med svartmetall, dei tenkjer gjerne at denne musikken er berre hard og rå, opprørsk og imot det meste. I millomtidi er svartmetall vorte ei av dei fremste kulturovringane som Noreg kann nå ut med til resten av verdi. Sume grupper hev jamvel kome inn i hovudstraumen åt populærmusikken (Dimmu Borgir, Satyricon, Enslaved). Dei gruppone og tekstene som eg hev nemnt i dette bladstykkjet er på eine eller hin måten framleis røtte i den opphavlege åndi åt svartmetallmusikken. Det er ein slags musikalsk ekstremisme fødd i det kalde nord. Han var ikkje driven av noko ynske um å verta kjend eller illgjeten, men var eit uttrykk for ein vokster som einast kunde koma ut frå den ville naturen og det tronge kulturelle kringværet i Noreg.

Ein kann segja heilt ålment at svartmetall, kannhenda berre kann koma frå og verta fødd i ein kultur som den norske. Det hev vore ein mest tvangsprega likeverdkultur i Noreg som krev eit slags einkynde og ei tilknytning til luthersk protestantisme og dei grunnleggjande verdiane som høyrer til denne formi for kristendom. Likeins hev etterkrigstidi vore prega av eit sosialistisk system. Utfrå denne stoda kom det fram ei kunstform som kasta alle desse byggjesteinane for vind og ver. og kalla på dei mest ville sidone av det hevdvunne norske livet, det mystiske, myrke, det elementære, det eldgamle åndelege som kom frå dei myrke skogane og sveipte seg langs fjelli.

Folkemål og folkemusikk hand i hand

Hordalandskomponistane Sæverud og Grieg henta det norske or det folkelege

Av Lars Bjarne Marøy

Målstriden legg vekt på at ein skal ha eit norskt mål, men musikken hev sitt eige mål, og det er millomfolkeleg. Likevel må ein vel segja at tonesetjarar frå ulike land vert påverka av dei språki og den kulturen dei lever i. Dei skipar til musikk utfrå litteratur og andre kulturformer, og det skapar eit eige musikalsk språk.

Fram til 1840-talet visste lærde folk i Noreg lite um folkespråket, folkemusikk, folkeeventyr, segner og anna slikt som ikkje vart nedskrive. Ivar Aasen, Asbjørnsen og Moe, Landstad, Olea Krøger og Lindemann vilde gjera noko med dette. Med kvart som dei samla inn og systematiserte landsmålet, folkeeventyri, folketonar og folkevisor, kunde kunstnarar og lærde menneske nytta ut eit rikt tilfang av kulturelle ytringar som dei ikkje hadde havt fyrr.

Og kulturlivet blømde visselegt opp på slutten av 1800-talet. Målarkunsten, musikk og litteratur henta alle motiv og inspirasjon frå folkekulturen.

Hordaland er millom dei fylki som hev havt mykje å koma med når det gjeld millom anna musikklivet. Hardingfela hev vorte eit umgrep og dugande spelemenner hev det vore kringum i fylket. Attåt dette hev Bergen eit filharmonisk orkester som hev lange tradisjonar. Det hev gjort det mogleg å få framförd musikalske verk, kort tid etter at dei er skrivne. I Bergen hev det jamvel vorte satsa på årvisse festspel, der kunstnarar frå heile verdi hev vorte innbjudne.

Ole Bull, Edvard Grieg og Harald Sæverud var alle bergensarar. Dei komponerte musikk og dei spela musikk i mange hopeheng. Dei henta alle inngjevnad frå norsk folkemusikk på sine eigne måtar. Folkemusikken slik me møter honom på kappleikar og i folkemusikk-konsertar er gjerne knytt til ei levande tradisjonsyverføring, men tonekunstnarar nyttar musikken på ein annan måte. Dei skal ikkje gjeva att det andre hev bore vidare framigjenom tidene, men skapa noko nytt.

Musikken stend på mange måtar i same faret som det norske målet. Målet skal brukast, men det skal ikkje berre brukast til det det hev vorte nytta til fyrr, men taka til seg det som skjer i dag. Ein skal ha med seg hevdslinone attyver, men ikkje lata seg fanga av deim. Langt attyver i tid hev folk late seg fascinera yver brytingi millom Bergen og umlandet. By- og bygdekultur hev levt sida um sida. Ein kann undra seg

yver um det hev gjort det mogleg for kunstnarane her i fylket å t.d skapa meir sermekt kultur enn andre stader i landet.

Ole Bull

Lat oss byrja med Ole Bull. Han var med på å få folkemusikken fram med å spela folkemusikk under sine eigne spelkveldar. Bull fekk mykje å segja for at det vart skapt eit norsk tonespråk i kunstmusikken. Tonesetjingane hans og improvisasjonane hans var gjerne bygde på norske folketonar. Han fremførde ikkje berre folkemusikk under spelkveldane sine. Han hadde jamvel spelkveldar saman med den sokalla Myllarguten. Bull påverka elles Edvard Grieg, då Grieg var ung, og den påverknaden vart avgjerande og varig. Av di Bull framførde norske folkemelodiar, fann Grieg inngjevnad til å laga tonediktingar med utgangspunkt i norsk folkemusikk.

Bull arbeide idugt med å få nordmenner til å skyna den norske folkemusikken. Han hadde med seg hardingfelespelaren Torgeir Augundsson (Myllarguten) til Christiania. Saman hadde dei ein serie med spelkveldar. Spelkveldar med folkemusikk var noko nytt for bypublikumet, og Bull viste å gjera kveldane umtykte med dei spelsetlane han nytta. Åtfinnarane var godviljuge og umtala var jamt god. Bull nytta norske tema i tonesetjingane sine. Et Sæterbesøg for fiolin og klaver eller orkester (1848–49) stammar frå denne tidbolken. Det inneheld millom anna den vidgjetne melodien Sæterjentens Søndag.

I dag hev felespelaren Arve Tellefsen gjort mykje til å halda denne melodien kjend. Han vert nytta til å understreka noko sermekt norsk på ein stemningsfull måte, gjerne saman med høge fjell og norske fjordar med snø på toppane. Kvifor kjem desse assosiasjonane so sterkt fram? Ein må vel undra seg yver, um det ikkje er som med Ivar Aasen, at di lenger inn i bygdene ein kjem - eller di meir sermekte stader ein kjem til - di meir norskdome finn ein. For dei som hev freista å utforska byfjelli i Bergen og andre fjell i eit fjellfylke som Hordaland, fell det vel lett å tenkja seg at fjelltoppane er det som gjev ein utsyn og klårsyn yver korleis landjordi er utforma. Kulturen kjem vel litt i same rekkja. Fjelli hev vorte knytte so sterkt til det norske at eidsvollsmennene slo fast: «Enig og tro til Dovre faller.»

I 1851 fekk Bull gjeva ut Norske Fjeld-

melodier, ei liti samling med folkemelodiar. Han spela dessutan dei vanlege konsertimprovisasjonane: Fantasier over “I fjol gjæt eg gjetinn” (1848, tapt), Minde om Møllergutten (1848, tapt) og Arrangement av “Fanitullen” (1849, tapt).

Det er interessant at det er ein bergensar som hev vore millom dei leidande i å bruka folkemusikkstoff. Han som vel må ha gjort mest til å taka vare på norske folketonar er nok kannhenda likevel Ludvig Mathias Lindeman (1812, død 23. mai 1887). Han skal ha samla so mange som 2000 norsk folkemelodiar.

I åri frå 1853–67 gav han ut Ældre og nyere norske Fjeldmelodier. Dei var samla og umarbeidde for Pianoforte og låg fyre i tre band. Hefti hans inneheld ymse slags folkemelodiar, for song, hardingfela, bukkehorn og langeleik med fleire. Melodiene var skipa til for piano so at stykki miste mange av dei sermerkte einskildovringane. Mange fann åt at Lindemann skipa til stykki sine på denne måten, millom anna Edvard Grieg. Likevel nytta Grieg tilfanget i hefti til å laga eigne tonediktingar. I dei upphavlege nedskriftene hev Lindeman lista upp både uvanlege intervall og rytmiske einskildting.

Det ein kann merka seg er korleis dei folkelege spelgreidone vert skifte ut med nett pianoforte. Ein gjeng frå det folkelege, der ein laut nytta det ein hadde tilgang til, og der folk laut nytta fritidi si til å driva med musikk, til at ein byrja å nytta ei spelgreida som hørde til høgkulturen og som ein må ha lang opplæring i å nytta godt. Ein kann vel neppe tenkja seg at det fanst serleg mange pianofortar kring um på bygdene.

Grieg og folkemusikken

På slutten av 1870-talet oppheldt Edvard Grieg seg i Hardanger.

Eit viktugt verk frå denne tidi er eit Album for mannsong, opus 30, det femner um 12 arrangement for mannskor, dei fleste med eiesongar for baryton – “frit efter norske Folkeviser”, henta frå L. M. Lindemans Ældre og nyere norske Fjeldmelodier. Albumet gjeng frå religiøse folketonar og yver til lyriske kjærleikssongar og vidare til bårsullar og humoristiske, laussleptte danse- og drikkevisor.

Heilt for seg sjølv stend Den Bergtekne, opus 32. Grieg hadde upphavlegt planar um å laga eit stort verk yver norsk folkevisestoff for eiesongar i barytonrøyst, kor og

orkester, men han fann ikkje den teksten han var på jakt etter. Då greip han tak i et miniatyrepos i M. B. Landstads Norske folkeviser. Det sviv seg um ein unggut som er komen på villstrå i skogen, og som etter at han vert maktstolen av jutuldotti misser høvet til å leva eit normalt liv eller ha eit normalt kjærleiksliv. Folkevisa hev 7 strofar, kvar på fire linor, dei er meisla ut i ei lett rondoform for einesongarar med barytonrøyst, strykeorkester og to horn. Det er med andre ord ein konsentrert instrumentasjonsbruk, ein konsentrasjon som motsvarar den inntrengjande musikalske utformingi Grieg hadde gjeve verket. Denne utformingi var heilt i samsvar med folkediktingi som kunde segja mykje på ein knapp måte. Landstad sin tekst hev 12 strofar. Grieg nytta dei seks fyrste med ein fyrste strofe som vart teken oppatt. Den Bergtekne vart urframført 5. april 1879 i Kjøbenhavn med Thorvald Lammers som eiesongar og med Grieg sjølv som dirigent for Musikforeningi.

Seinare i livet skulde Grieg arbeida meir med folkemusikkstoff. Han gav so ut verket Norske folkeviser for klaver, op. 66 (1896). Dette verket inneheld 20 arrangement av 18 melodiar, dei fleste vart samla av Griegs ven Frants Beyer i Sunnfjord og Jotunheimen. Det er vanleg at musikken vert prega av djup misstemning og melankoli. Berre innimilom vert misstemningi avbroti av forbigåande ljostreif.

Endå ein komposisjon ligg fyre. Det er Slåtter for klaver, op. 72. Dette verket byggjer på umarbeiding av hardingfeleslåttar etter den gamle meisterspelemannen Knut Johannesen Dale. Han stod i tradisjonen etter Myllarguten og Håvard Gibøen. Slåttane vart nedteikna av Johan Halvorsen på 14 dagar. Grieg la seg tett opp til nedskriftene: Høgre hand fylgjer slåttmelodien og krev god pianoteknikk når ein kjem til ornamenteringar og rytmikk. Den venstre handi harmoniserar melodien med utsøkte og innflokke triklangyvergangar (akkordprogresjonar). Stilen er heilt onnorleis enn i Lyriske stykke og Norske folkeviser, krasare og meir endefram.

Åtfinnarane hevdar at Halvorsen mistydde sumt av det han hørde – til dømes fanga han ikkje alltid springarrytmane rett og han sette taktstrekane rangt. Dei nedteikningane Grieg bygde på, var upresise og ikkje nóggrande nok. Eit piano med sine skalaer kann ikkje utan vidare gjeva att intonerte tonar slik som spelemennene brukar deim. Grieg vart skulda for å ha teke seg for mange fridomar då han hadde måta musikken til. Sume frå folkemusikkmiljøet hevda til og med at Grieg hadde skadd folkemusikksaki. Grieg

hadde derimot ikkje i tankane at han skulde skriva folkemusikk. Han vilde byggja på folkemusikalske element innanfor råmone av kunstmusikken– han ynskte å laga kunst som kunde ha millomfolkelege kvalitetar.

Ein kann nesten tenkja seg jamlikkskapar til målrørsla der folk fann åt mot Ivar Aasen for at han ikkje hadde bygt nok på folkemålet og målet på dei mest folkerike og bynære stadene. Det folkelege kom i strid med kunsten. Når det som hadde vore vanlege ytringar millom folk flest skulde arbeidast fram til kunst som nådde vidare utyver og verta til noko større, so vende ein seg gjerne til det gamle målet og dei som hadde teke vare på de. Men å sjå det folkelege målet i bruk i skriftleg form vart ikkje alltid so lett, for dei som var uvande med slikt. Det var dei som ikkje vilde ha Bibelen på nynorsk, for dei vilde ha det målet som Gud tala, og han tala visst dansk og ikkje nynorsk. Eller ein vilde ha dialekt i staden for det norske målet.

Harald Sæverud og folkemusikken

På 1930-talet var det eit ordskitte um det norske i musikken. Harald Sæverud hadde funne eit utgangspunkt i feleslåttane frå Hardanger og folkevisone frå Telemark. Den romantiske kunstestetikken var på veg ut. Interesse for folkemusikken sine røter hadde fenge ei atterføding. Ein av dei som gjekk inn for å få folkemusikken inn i kunstmusikken var Geir Tveitt. Hundrad hardingtonar Op. 151 høyrer til noko av det mest gripande og stemningsfulle ein kann få.

I mars 1932 fekk Tveitt oppført den fyrste klaverkonserten sin. Harald Sæverud var høgstemd. Dette var uforfalska norsk musikk med folkevisestemming og slåttar som berande grunnlag. Tveitt låg ikkje langt frå Sæveruds eigne tankar um ein norsk serhått i musikken.. Grieg ynskte å få til ei samansmelting millom det norske og det universelle i musikken, og samstundes skapa noko sermerkt og heilstøypt norsk. Grieg vart ofte i tvil, jamvel um ettertidi hev gjeve honom godord og vorti gripi av arbeidet hans.

Sæverud såg uante framtidsutsikter i å arbeida med folkemusikken. Då Sparre Olsen hadde skriva ei livsskildring um Grieg, var han oppglødd for å koma vidare med å finna løyndomane attum folkemusikken, slik at meir av folkemusikktilfanget kunde utnyttast.

For Sæverud var det kannhenda mest av alt Kjempeviseslåttane han skulde verta hugsa for. Han hev sjølv fortalt um korleis han på ein busstur millom Oslo og Bergen vart oppradd yver at tyskarane gong etter gong skulde stogga bussen. Då han kom til

Lærdal, og bussen endå ein gong vart stogga, då brast det for honom, og han byrja å komponera. Sinneutbroti og det stigande raseriet som musikken uttrykkjer viser ei norsk motstandskraft som er ærleg og rettvis (Reitans Sæverud-biografi s. 170).

Slåttane og stevi frå Siljustøl inneheld klaverstykket som Rondo Amoroso, Småsveingangar, Galdreslåttane og andre miniatyrstykket med typiske sæverudske titlar, desse stykki er kjende. Rondo Amoroso finst endåtil for orkester. Musikken til Ibsens Peer Gynt var et tingsverk til Det norske teateret då dei sette opp Peer Gynt i 1947, Hans Jacob Nilsen hadde regien og spela sjølv hovudrolla. Nielsens ide var at Ibsens drama skulde framførast som eit «antiro-mantisk» verk, og då meinte han at Edvard Griegs musikk skapte galne assosiasjonar. Difor hyra han inn Sæverud til å skriva ny musikk.

Sæverud laut tola mange spursmål og mange var urolege for at Grieg og Ibsen no skulde skilja lag. Men Sæverud sa det greidt og poengtert sjølv: Ibsen må kunna tolkast på fleire måtar. Det er andre måtar å tolka Ibsen på enn Grieg. Griegs musikk var genial, men Sæverud vilde tolka dramaet på ein ny måte. Det enda då òg med at Peer Gynt si framsyning vart vel motteki. Musikken lever sitt eige liv i Peer Gynt-suitone til Sæverud. Dei ligg fyre i eigne innspelningar.

Det synt seg at eit drama som byggjer på folkedikting og myten um Peer Gynt kunde framførast med ei ny tilnærming som var kunstmusikalsk, men som samstundes knytte seg saman med folkediktingi.

Språk og musikk i samklang

Både Grieg og Sæverud var inspirerte av litterære verk. Grieg hev sett tonar til mange dikt og gjort sitt til at nynorsken og musikken hev høyrte saman. Sæverud hadde sansen for det norske målet og gav det millom anna til kjenne gjennom å vera med i striden um i-målet i Noregs Mållag. Nynorsken hev solide klangrikdomar å ausa av gjennom utljudar på -i, -a og -o. Tviljudane gjev likeins sterk klang. Det gjer at nynorske tekster dukkar opp rett som det er, og vert framførde med stor fagning. Det hevdvunne Nordhordlandsmålet med rulle-r og gode samanhengar i palatalisering av g og k i fleire ljodsamband m.m er eit mål som høyrer til millom dei mest sermerkte. Spennet millom by- og bygdekultur i Hordaland hev kann henda gjort at Grieg og Sæverud fanga inn desse klangane og såg dei som ein part av det rike i norsk folkekultur.

Wardruna på Chillon Slott

Av Samuele Mascetti

«Eg såg og eg tydde,
då soli snudde.

Jarteikn for fe og heim.»

Slik lyder dei fyrste linone frå Jara, ein av Wardruna sine låtar frå debutplata *Runaljod – Gap Var Ginnunga*: ingi strofa kunde klæda betre det som gjekk fyre seg 14. mars på Chillon-slottet (Sveits, i nærleik av Montreux). Berre ei vika fyre vårjamdøger - medan snjoen framleides datt, men der lufti byrja å anga sumar – baud Wardruna oss inn på ei makelaus oppleving.

Wardruna er Noreg sitt leidande musikalske prosjekt når det kjem til til folkemusikk og etnomusikk; røtene åt bandet gjeng djupt inne i gamalt nordisk spiritualitet, der runone i den eldre futharken spelar den viktugaste rolla. Mannen som stend attum heile tiltaket er honom Einar «Kvтираfn» Selvik, alt kjend for å hava vori trommeslagar i den norske svartmetall-gruppa *Gorgoroth* frå 2000 til 2004. I 2003 skipa han Wardruna-prosjektet i Bergen i lag med Lyndy Fay Hella og Kristian «Gaahl» Espedal (tidlegare vokalist i *Gorgoroth* og velkjend i Noreg og utanlands som ein av svartmetall-miljøet sine hovudmedlemmar). Dei byrja arbeida med runone og med dei aller fyrste musikkstykker. Målet åt dei tri var framfyr alt å finna att «det kultiske musikkspåket som fanst i den nesten gløymde galdre- og seidkunsten og i kvardagen sitt kultisk liv, mengde med tilskuvar frå norsk/nordisk folkemusikk og musikk hjå andre urfolk», for å segja det med Selvik sine egne ord. Dei lenge venta utfalli kom endelegt i 2009 med *Gap Var Ginnunga*, fyrste part av den framifrå *Runaljod*-trilogien – som til endes kjem til å dekkja alle 24 runor i den eldre futharken og taka fyre seg håttane deira. I

2009 feira Wardruna plata si med ein sereigen konsert (deira aller fyrste) på Vikingskiphuset i Oslo og på 14. mars i år gjorde bandet det same på Chillon-slottet i tilhøve av platesleppet med *Runaljod – Yggdrasil*. Dette er den andre plata i *Runaljod*-rekkeja, som kom ut på 15. mars i Noreg og som kjem den 25. i resten av Europa.

Det var ikkje so mykje eg kunde fyrestella meg um «Gjallarhorn concert», namnet Wardruna rådde seg til å gjeva denne eineståande hendingi. Eg ovundrar verket åt denne gruppa som eg er vorten godt kjend med. Kor som er, denne gongen var berre staden dei hadde valt å halda konserten på meir enn nok til å skapa ovstore ventnader: Eit millomalderskt slott retta ut mot Gernfersjøen, veldugt og traust mot bylgjone, som millom anna var inspirasjonskjelde for *The prisoner of Chillon*, diktet hans Lord George Byron. Då soli byrja ganga ned attum dei sveitsiske og franske Alpane i vest, fekk me endelegt koma inn i dei gamle og mektige murane frå 1100-talet, som atter klang av fotstigi åt um lag tvo hundrad menneske. Brulagde gangar leidde oss under steinbogar og gjennom tredører fram til ein gamal rådssal med nisjetak og svartkvite vegger, der speltilet alt hadde vorte fyrebudd attåt ein veldug peis. Me måtte venta endå litt meir, men i det dei siste solstrålane slokna bak fjelli burtanum sjøen og myrkret fall på slottet, dukka musikarane umsider upp frå ei liti gamal tredør. Ljodlaust tok kvar ein sin plass og med eitt vart det heilt klårt kvifor dei hadde nemnd hendingi upp etter det mytiske hornet hans Heimdall: fram på scena stod dei tri upphavlege prosjektgrunnleggjarane, men i staden for dei vanlege tvo medarbeidarane på trumbor og fela var det denne heile seks musikarar til stades – med ymse tradisjonelle musikkinstrumentar både frå Norden og Alpane, av desse eit sveitsisk alpenhorn og tri norske neverlurar. Einar Selvik på tagelharpa og kraviklyra lét augo fara litt i rommet som spyrijande høge maktar um inngjevnad, so nikka langsamt til dei andre på scena og «Gjallarhorn» byrja.

Songar og tonar fylgde etter einannan utan stogg, det vart spela låtar frå båe platoner – og dessutan nokre til dessar ukjende stykkje for alpenhorn og lur, stykkje som vart komponerte serskilt for dette høvet. Det kjarpe tempoet, urkrafti åt musikken,



Chillon Slott i Sveits.

tekstane på norsk, islandsk og gamalnorsk som berre fæe kunde skyna, dei mektige og primitive trommeslagi som djupt slo inn i tilskodarane deira bryst, namni åt dei gamle runone som vart sunge av alle i salen... Alt dette gjorde «Gjallarhorn» ikkje berre til ein sereigen konsert, men jamvel til ei av av dei sterkaste åndelege opplevingane nokosinne. Me kann godt segja at Wardruna fortel oss som ei røyst frå vår gløymde fortid um den tidi då europearane var eitt folk, byrgt og vyrdsamt yver landet sitt og med natur, frendar og vener. Og di lenger ein stod og lytta på «Gjallarhorn», di kraftigare og meir mangslunge vart denne røysti, som eit kor av eldgamle skandinaviske og alpine atterljomar botne saman i ein sams europeisk kulturarv. Denne arven er det som Wardruna-prosjektet vil verna um og fremja. Einar Selvik tala klårt um dette på Chillon med: «Tusen takk alle saman, denne kvelden kjem no til å enda med Helvegen, ein ny song for å heidra dei som kom fyre oss», det er dei einaste ordi som vart sagde under heile konserten. Dinæst kom songen, med Gaahl som i slutten minte oss um den arven me ber på med tvo av dei mest kjende strofone frå *Hávamál*:

*«Døyr fe;
døyr frendar;
døyr sjølv det same.
Men ordet om deg
aldri døyr
vinn du eit gjetord gjævt.*

*Døyr fe;
døyr frendar;
døyr sjølv det same.
Eg veit eitt
som aldri døyr:
dom um daudan kvar.»*



Misnøjemarknaden

Av Johannes Ebert

Jamvel um det ikkje ser slik ut ved fyrste augekast, so er det slik at mykje av marknadskreftene nyttar seg av dei negative kjenslone millom folk: kjenslone folk hev av å ikkje vera gode nok og ikkje strekkja til. I pressa høyrer ein stødt um nye og fargerike varemerke som skal gjera livet betre, sunnare og venare. Diverre er det meste av dette einast ei synkverving.

Industrien nyttar einast dei arbeidsmåtane dei hev til rådvelde for å få selt varemerki sine, og han som kjøper er sjølv andsvarleg for dei vali han gjer. Det er likevel viktugt å vera klår yver korleis dette spelet gjeng fyre seg.

Han som tykkjer at han alt hev nok, han kjem ikkje til å kjøpa noko meir. Det fyrste punktet er soleides openbernt nok:

1. Det lyt alltid koma noko nytt og betre

Han som ikkje fylgjer denne regelen kann heilt einfelt verta sosialt isolert, noko som i millomtida syner seg jamvel millom dei minste. Ein lyt stødt ha eitkvart som er på moten, eitkvart som folk nyttar seg “no um dagen”, og der eigen smak hev aller minst å segja.

Moten brigdar seg stødt, men folk hev ikkje uavgrensa med pengar. Fylgja av dette er at kundane vender seg til billegindustrien:

Ting som nett no er på moten, dei kostar ikkje so mykje, og dei held seg nett like lenge som dei er populære. Dette leier til eit bruk-og-kast-samfund, måvita, der ingenting hev noko verde i lengdi. Og at alle ting snøgt skal ganga ut på dato, det er godt planlagt: Langtlivande produkt let seg laga, men det gjev ikkje like godt avkastning.

Dette fyrste punktet heng nært i hop med det neste:

2. Ver betre enn medmenneski dine, elles vert du akterutsigla

Status er ovviktugt, og framfor alt å gjera denne synleg. Dette leier oss vidare til endå fleire marknadssegment: Bilar, hus, utsmykking, elektronikk. Med andre ord dyre innkjøp, som attåt den opphavlege funksjonen deira skal syna at kjøparen “er nokon”.

Desse stødt nye innkjøpi fører i lengdi til at folk byrjar skulda mykje pengar, og det kjem serskilt bankane til gode.

Det er ikkje berre dei økonomiske verksemdene som tevlar med einannan, det same gjeld einskildmenneski med. Her sviv det seg um sosial status, um pengar og um kven som hev det beste arbeidet. Å få det beste arbeidet er ikkje lett, og kampen um dette tek alt til på skulen. Dei som innretter seg etter det straumlinaforma systemet er dei som lukkast. Ein lyt læra seg å fylgja spelereglane, elles vert ein

straffa. Det fører oss strake vegen vidare til:

3. Han som ikkje lukkast vert sjalta ut. Altso, ver ikkje vandsleg og gjer det som du vert fortald

Den einaste godtekne livemåten er den som gjeng ut på å byggja seg upp innanfor råmone åt systemet, gjera karriere og arbeida seg kaputt til dess at ein er vorten gamal. På sine gamle dagar hev ein endeleg tid, men ikkje noko rettelegt høve lenger til å njota det ein hev arbeidd fram, og berre nokre fåe kjem til dette punktet medan helsa deira enno held.

Han som ikkje lukkast med å vera med på dette eller som ikkje ein gong vil, han hev store ettermuner. Vegen til sosial utestenging er stutt når ein ikkje lenger “yter sitt tilskot til velstanden”. Denne vanvyrnaden for dei som ikkje lukkast speglar elles berre av den redsla som fleirtalet sjølv hev for å hamna i same stoda um dei ikkje spelar med.

I røyndi er det store fleirtalet ikkje serskilt nøgde med den einsrette og keidsame kvardagen sin. Uppgåva åt pressa vert difor at folk skal halda humøret upp. Dette gjer dei med lett underhaldning, uthaldsparolar, fagre lovnader og flotte produkt. Dei “held gulroti framfor eselet”.

So lenge det å lukkast ikkje skal målast i noko anna enn det materielle, so kann helder ikkje det å vera lukkeleg målast i noko anna enn det reint ytre. Og slik kjem me til det fjerde punktet:

4. Han som ser bra ut, han lukkast og er lukkeleg

Venleik slik dei fleste ser på det, det finn ein helst hjå unge folk. Denne venleiken gjeld det å halda på, med alle midlar. Kvar og ein ynskjer å verta verande ung. Her med kjem industrien ilande til og syter for forbetringar, men ikkje meir enn at kundane vert verande kundar. Det heile vert drive fram av eit idealbilæte som ikkje svarar til røyndomen.

Industrien nyttar seg av det at folk ikkje er nøgde med eigen kropp og eigen venleik. Dette gjeld millom anna idrottsverksemdar, næringsmiddelindustri, kosmetikkindustri og venleikskirurgi - og endå ein gong kjem klesmoten inn i bilætet.

Kjærleiken er endå eit sårt punkt. Kvar og ein søkjer etter kjærleik. Sume jamvel heilt fortvila. Og media målar eit bilæte av samlivet millom mann og kvinna som er sterkt idealisert og romantisert. Han som søkjer det eine, han finn helst det andre, til dømes på elektroniske møteplassar. Stuttlivande eventyr kann det verta mange av, og sistpå kjem spursmålet um kvifor det aldri fører til noko meir. Hev det med meg sjølv å gjera? Endå ein gong finst

det nok av tilbod på marknaden for dei som ynskjer å endra seg sjølv...

Dette fører oss vidare til det femte punktet som industrien freistar innprenta i oss:

5. Når det ikkje klaffar, då skriv det seg frå di eigi innstilling og korleis du sjølv steller deg

Sosial isolasjon, økonomiske skyldnader og ovundsjuke andsynes alle andre som tilsynelatande er venare, lukkelege og meir vellukka enn ein sjølv - alt dette skaper ei ålmenn misnøgja. For dette med finst det mange tilbod...

Til dømes ei stor mengd med usunne nærings- og nyttingsmiddel. Dei smakar rettelegt godt, men bryt ned kroppen og gjer deg både tjukk og lat. Desse produkti gjev glede for ei liti stund, og snart treng ein meir av dei. Eller ein tilbyd folk avkoplingar som spelar på lengslar, slik som spel, innkjøp og seksuelle tenestor. Eller ein trengjer alt burt for ei tid, røykjer og drikk. Alt dette fører ingen stader, men like fullt er det nok av dei som tilbyd dette.

Desse menneski som folk flest tenkjer er so mykje “betre” enn andre, dei er på det jamne slett ikkje lukkelegare. Det ser berre slik ut. Dei lyt stødt nytta mykje energi på å halda uppe statusen sin og på å nytta seg av venleiken sin medan dei enno hev honom. For desse er det ei skrekkfyrestelling um statusen, pengane og venleiken ein dag skulde verta burte. Ein hev til sjuande og sist alle venene sine i den same krinsen og kjem til å verta heilt åleine um ein fell ut or denne.

Likeins er dei tvinga til å halda seg med visse fritidsaktivitetar, kjøpa serskilte ting og å standa for serskilte meiningar. Her med er prisen deira eigen individualitet.

Slik kjem me til det siste punktet:

6. Kvar og ein kann lukkast. Ein lyt berre streva hardt nok og gjera alt det som ein vert fortald.

Men det som tel er den runddansen som ein vil halda folk i: Ikkje rykkja ned att til der ein kom i frå og stødt halda blikket mot eit mål som vert verande langt burte. Jamvel um ein aldri når fram til målet, finst det ingen annan veg enn denne eine.

Utan å lyda polemisk: Misnøgja er ei ovstør økonomisk inntektskjelda. Han som alt er lukkeleg, han strevar ikkje meir, kjøper ikkje meir, treng ingen som skal få livet deira på rett kjøl.

Sjølv hev eg lite lyst til å bøgja meg for bodskapen um alt det som eg “må” gjera for å vera lukkeleg. Det treng eg helder ikkje um å gjera.

Njardarlog og Tysnes - Nerthus og Ty

Av Megan Leo

Tysnes er ei samling av øyar ved inngangen til Hardangerfjorden, vest i Noreg. Namnet nækjer at øyi hev røter til ei heidensk fortid, som stykkevis er løynd burt. Det finst eit gamalt steinalter i Todneset, tilliks med i Vevatn. Der tenkjer ein seg at det er ein stad som vart nytta til å dyrka guden Njård og truleg grødegudinna Nerthus, i dei heidenske tidene. Det litle stykket av øyi "nes", fekk opphavleg namnet til guden Tyr og vart berre vist til som Tysnes. Tyrs nes, medan resten vart kalla for Njardarlaug.

Namnebyttet kom kring år 1530, på den tidi då trusumbyttet frå katolisisme til protestantisme bar til. Njardarlaug-namnet vart sett på som eit altfor heidensk namn, men det er tankevekkjande at namnet vart skift til eit like heidensk namn, Tysnes. Det kann få ein til å slutta seg til at Njardar og Njård var namn som spela ei serleg sterk rolla i det fyrrkristne livet på øyi, og at det var det som pressa fram namnebyttet. Kyrkja var kjend for å reinska burt det som ikkje høvde med kyrkja sitt verdssyn. Dersom krigs- og himmelguden Tyrs rolla var mindre kjend, då var namnet meir uskuldig enn det fyrre namnet. Ein kann òg undra seg yver kor viktig øyi var for dei fyrrkristne, heidningane. Var øyi ein samlingsstad for folk utanfrå? Reiste andre skandinavar upp til øyi for å gjesta henne? Var minnet um rituali og gudedyrkingi so sterk i tilknytting til Njardarlaug at namnet laut slettast ut or minnet? Og det jamvel um ein tok eit anna, um enn ikkje like velkjent og attkjennelegt heidenskt namn på øyi? Anten lyt dei som skifte namn på øyi ha vore ukjende med den oldnorske gudelæra eller so hev dei leita etter eit mindre



Vevatne, Tysnesøy. Her vart det kannhenda ofra til gudinna Nerthus i gamal, fyrrkristen tid.

utstikkande namn som samstundes var mindre kjent. Um Tyr-kultusen var mindre viktug i folkeminnet enn Njård og Nerthus, då kann det ha vore årsaki til namnebyttet.

Kva tyder namnet?

Tysnes var opphavlegt berre eit stykke av øyi. Heile øyi sjølv vart kalla Njardarlaug, som er det mest slående: Ei ende- fram påæring av den nordiske guden Njård eller gudinna Njardar. Ei onnor forklåring til namnet kom frå Eivind Vågslid. Han meinte det synte til tronge farvatn, ein tett, samanpressa vassveg eller ein smal nær vassveg som skil øyi frå hovudlandet. Vassvegen er sanneleg smal nok, han let seg måta etter ei bru på 316 meter (Luksund-brui). Men var forfedrane våre so keidsame at dei berre kalla upp øyi etter korleis vatnet strekte seg ut? Og er 316 meter i røyndi ei veltilmåta ruta for båtar i tidlegare tider?

Det verkar usannsynlegt når ein ser på tilknyttingi millom andre stader i Noreg og Skandinavia som hev fenge gudenamn, slik som til dømes Torheim, Baldersheim, Torshamn eller Odense (Odins sjø). Laug syner til vatn. Njardarlaug lyt soleides syna til Njårds eller Njardars vatn - "Njård sitt kultiske bad."

Sidan me hev steinen på Todneset, tilliks med altaret, er det lett å slutta vidare. Kyrkja på Todneset kann lik so vel som andre kyrkjer ha vorti bygd på ein gamal heidensk kultstad, slik det var vanlegt. Kristne kyrkjer vart ofte bygde på på mektige stader der den heidenske sevdhevd hadde stade sterkt.

Øyi lyt ha havt ei tyding som gjekk lenger enn til å berre vera geografisk. Åndelege og heidenske tankar og dygder hørde heilt klårt heime her i fyrrkristne tider. Desse hev yverlevt i stadnamni og med steinane som er leivde att. Njardarlaug kann visa til både den manlege og den kvinnelege guden. Njård er ei beinveges tilvising til den norrøne sjøguden, han som var faren til Frøy og Frøya. Njardar vert mest vist til som Nerthus, og er ei guddinna for jordi som knyter seg til Njård. I Heimskringla er det nemnt at Frøy og Frøya var etterkomarar av Njård og systeri hans. Ein kann spekulera i um det var Njardar. På denne måten kann Njardar vera ei gudinna for landet ved sjøen. Øyi Njardarlaug kann altso peika på tvo element, både land og sjø.

Serleg innsjøen Vevatn er tenkt å vera ein stad for ofringar som vart gjorde til Njardar eller Njård eller til båe. Landsida til denne innsjøen symboliserar ein



Bautaen på Todneset, Tysnes.

møtestad millom land og sjø, slik kunde me endå ein gong finna eit samband millom ei jordisk gudinna og ein vassgud. I heidenske tider kunde ikkje slike elementsamband vera burtkasta, for folket sin tilværerett var knytt til utnyttingi av sjø og land.

Borni til Njård og truleg Njardar er gudar for øksleførleik, Frøy og Frøya. Vatn og jord er grunnleggjande når ein skal dyrka avlingar, og slik kann ein fylgerett slutta seg til at ein vass- og jordgud er grunnleggjande når ein skal dyrka avlingar. Ein kann òg slutta seg til at ei vass- eller jordgudinna føder gud-domelege avkom og er eit sinnbilete på øksleførleik.

Astronomiske ovringar på Todneset

Ein av dei mest utstikkande leivningane frå heidensk fortid finn ein berre innanfor eit lite vald på øyi som med full rett kann kallast Tysnes. Denne parten av øyi er kjend som Todneset. Det er ein stein, ikkje langt frå der er det grave ut på eit lite lende, og der hev ein funne eit altar. Staden er berre 25 meter frå sjøen, ein jordhaug ved land, der alt dette finst. Derifrå hev ein eit utsyn yver bukta mot Våge i vest, og eit utsyn mot Bjørnafjorden i nordvest. Altaret vart grave opp i 1915, og funni kann sjå ut til å vera leivningane etter offerhandlingane. Dei femnde um knivar, boltar og jarnverky, bein og bein-grinder av dyr. Altaret var truleg ein part av ein innfløkt bygnad, um ein skal tru dei funni som granskarane avdekte i 1915. Staden er elles forvitneleg um ein ser det utifrå den ståstaden at kvart år, på vetteren ved solvendingi, kverv soli attum fjelli i yttersynet, men kjem attende ei stutt stund og skin på toppen av steinen ein gong til. Dette er den einaste gongen på året at denne ovringi syner seg. Av di dette er eit naturlegt, men uvanlegt lende, og det serlegt på denne måten, so er det lett å sjå kvifor dei heidenske forfedrane

tenkte at dette var ein sermerkt stad som eigna seg for å dyrka gudane.

Var det Tysnes som Tacitus tala um?

Ja, meinte den lokale forfattaren og sogeg-ranskaren Johannes Heggland. På Tysnes er det ein stad som dei kallar Lunde, ikkje langt frå Vevatn. Vevatn skal ha vore nytta til åndelege fyremål, og når me gjev att Tacitus (or verket "Germania"), so kann me tenkja oss at han viste til Tysnes:

"Ingen av desse stammone hev noko ser-preg som det er verd å merka seg, burtsett frå at dei er sams um å dyrka Ertha eller moder-jord, og trui på at ho påverkar menneskelege tilhøve, og vitjar dei ein-skilde landi i vogni si. På ei øy i havet er det ei heilag lund og i denne lundi er det ei stridsvogn som er dekt yver med eit klede. Berre ein prest hev lov til å røyva ved kledet. Han kann sansa nærveret til gudinna i denne heilage lundi, og gjeng attmed henne med stor vyrndad og age ettersom ho vert dregi avgarde av tvo kyr. Det er ei tid for feiring og festiviteteane spreider seg kvar ho fer og vert motteki.

Dei gjeng ikkje til krig og ber ikkje våpen, alle våpen er læste ned, fred og tagnad er godkjend og velkomen berre i desse tidene, til dess at gudinna vert sliti av menneskelegt samkvæm, då vert ho førd attende til tempelet av den same presten. Etterpå vert vogni, messekleidi og - um du vil tru på det - gudinna sjølv reinsa i den løynlege innsjøen. Slavdar utfører ritane, og dei vert dinæst svelgde upp av vatnet."

Tysnes (Njardarlaug) er ei øy ved sjøen, som inneheld ei lund, og i nærleiken er det ein innsjø. Innsjøen skal ha vorte bruka til dei fyremåli som Tacitus nemnde, i heidenske tider, so tilhøvi og landkunna på øyi stemmer med at Tacitus kann ha visst um øyi og innbyggjarane der på den tidi då Frøya kann ha vore

jordgudinna. På Tacitus si tid vart ho dyrka yver store lutar av dei germanske landi.

Mange spørsmål, få svar

Tilrengd sogeskriving og låk dokumentasjon gjer at mykje av den heidenske fyrrtidi er vorti løynd for oss. Me kann difor berre spekulera og lata fantasien laupa fritt når det gjeld kva som hende på den mystiske øyi Njardarlaug: Korleis var den heidenske tilbedingi i røyndi, og kva gjorde dei heilt handfast? Korleis såg dei på gudane? Kva var viktugt for dei når soli vende attende ved solvendingi? Kva tenkte dei og tykte dei? Det var visseleg tankar som var meir kosmiske enn våre eigne avgrensa materialistiske tankar av i dag. Me kann lata tankane våre laupa fritt, og vitja staden og finna den sermerkte stemmingi her, ei stemming som sanneleg skil seg frå den ein finn på dei ikringliggjande stadene.

Ei heilag lund. Soli som reiser seg yver Todneset ved solvendingi. Ritual og ofringar til Tyr på staden som ligg ved ein haug. Vassoofringar, påkallingar og bønner til vassgudane Njård og Njardar ved Vevatn, slik skulde dei æra avkomet til økslingsgudane Frøy og Frøya ved såing og innhausting. Sambandet millom jord, sjø og sky låg i dei daglege tankane til dei som budde på staden. Det me veit um namn og funn på Tysnes i dag, det er knytt til ei rik verd som nesten er gløymd, ei verd som knytte den materielle verdi til ei onnor verd, ei verd med åndelege og energiske verde, ei indre verd. Ein kann læra seg mykje med fylgjestrengleik og mykje kan ein tenkja yver gjennom intuisjon. Fyrrtidi og framtidi let seg setja ihop med notidi når me tek slike mystiske stader og gjer oss tankar um deim og freistar å sjå på deim med augo åt forfedrane våre.



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Attende til:
Målmannen,
Postboks 599 Sentrum,
5806 Bergen

B



ISSN-1503-2469

Kultur- og naturvern: Ein nynorsk nisje?

Av Olav Torheim

Norsk mål i næringslivet i Hordaland hev på mange måtar vore ei tapt sak dei seinaste tiåri. Vestlandsbanken vart i si tid til Fokus Bank og enda paradoksalt nok med å verta gløymt av Den Danske Bank. For nokre år sidan vart Hardanger og Sunnhordland Dampskipsselskap slege i hop med Gaia Trafikk og vart heitande Tide – med fyresegner på bokmål. På Strandkaien tapte Fylkesbaatane bodrunden um å få driva snøggbåtåta, og no køyrer snøggbåtane på bokmål under namnet «Norled».

Men det er ikkje berre nynorsken som taper. Det som hender lokalt er berre ei fylgja av stemnelinone på verdsplan. Nylegt fekk me vita at det hevdvunne kaffihuset i Bergen, Friele, vert selt til ein nederlandsk kaffigigant. Samstundes gjeng eit bergensk teknologieven-tyr mot slutten etter at radiokommunikasjonsverksemd i Nera vart yvertteki av israelske Ceragon. Då verksemd vart kjøpt i 2011, vart dei lova at utviklingsdeildi skulde verta att i Bergen, men i november 2013 kom bodskapen um at ho med vert flutt til utlandet.

Kor som er, det finst ljospunkt midt uppe i det heile, og desse ljospunkti kjem jamvel på norskt mål. Eg skal i dette vesle stykkjet taka fyre meg nokre fåe av dei:

Norske drikkevaror

I bryggerinæringi stend bergensbryggeriet Hansa att, saman med Aass, som einaste av dei store bryggerii som framleis er på norske hender. Resten av bryggeriverksemd i Noreg er i realiteten vort teki yver av Ringnes, som i neste umgang er i hendene på danske Carlsberg.

Men samstundes som den tradisjonelle bryggeriverksemd hev vorte stødt meir sentralisert, hev det dukka upp ei rad med mikrobryggeri med lokalt tilsnitt. Eitt av desse er Ægir Bryggeri frå Flåm, med namn etter den norrøne havguden. Ægir tilbyd eit stort utval øl, der ser-skilt Ægir IPA er vorten umtykt millom ungdom. Sjølve bryggeriet i Flåm hev dei bygt upp i drakestil, med eigen gildehall der veggane er merkte av drivved, drakehovud og ein 9 meter høg peis frå golv til tak.

Eit anna godt og umtykt øl er Kinn frå Florø i Sogn og Fjordane. Bryggeriet vart opna i 2009 av heimebryggjaren Espen Lothe, og dei lagar ei rad ulike slags øl i både engelsk og belgisk stil. Øli vert gjæra på gamlemåten i opne gjæringskar. Millom øslagi som Kinn Bryggeri kann tilby er kveiteøl, slätteøl, belgisk trippeløl, indiaøl og bringebærøl.

Gjeng me endå lengre nord, til Stranda på Sunnmøre, hev me elles Trollbryggeriet, med merkevara Slogen. Øltypane deira er alle yvergjæra handverksøl.

Norsk iskrem

Isrosa er namnet på ei gardsverksemd i Kvinnherad som lagar økologisk iskrem på nynorsk. Isrosa lagar is med smakar av ymist slag, til dømes mjølkeis og fruktis (sume smakar er knytte upp til årstidene). Til å laga iskremen nyttar dei seg einast av økologiske råvaror. Ingrediensar som bjørnebær, plomor og bringebær kjøper dei inn frå andre lokale, økologiske bønder. Egg, mjølk og rabarbra lagar dei derimot sjølve på sin eigen gard. Millom anna hev dei sin eigen frittgangande, økologiske hønseflokk til rådvælde. Dei hev ei rad ulike hønserasar, og dei fleste er hønser som kanskje ikkje verpar kvar dag, og som difor er produktive i etter måten mange år.

Norske kjøtprodukt

Medan strilamålet er utrydningstruga med kvart som Bergen veks seg ut yver alle grensor, er Voss ein stad som maktar halda på serhåtten sin og som jamvel veit å tena pengar på det. For litt yver eit år sidan skifte Voss Kjøttindustri namn til Vossakjøt, og ei ny merkevara såg dagsens ljøs. Vossakjøt tilbyd både vossakorv, eldhusbacon, cabanossi, fenalår, hakkakjøt, pinnakjøt og steikjepylosor. I alt femner varespekteret um meir enn 30 ulike produkt, og alt i hop på nynorsk. I eit oppslag i Avisa Hordaland frå 8. juli 2012 fortel styreleidar Roger Jacobsen at «[M]ålet er at Voss skal verta like sterkt knytt til kjøtprodukt, som til idrett, jazz, folkemusikk og ekstremspor. [...] [L]ike viktig som logoen, er ei lang sterkare understreking av identiten og tradisjonane bak produkta me leverer. Kvart einskild produkt får difor ein skriven tekst på seg, der historie og bakgrunn vert formidla.»

Norske stelleprodukt

Eit anna upptak som kjem frå Voss hev namnet Vossabia. På heimesida deira heiter det at «Vossabia er oppteken av det nære og naturlege, det sunne og sikre – og alle varemerki vert sjølvsagt laga frå a til å av kjærlege hender heime på garden – av bygdedamer som eig seg heime i umrådet, men hev verdi som boltreplass!». Vossabia tilbyd både ringblomsalve, reivungesalve og kuldekrem. Men dei tilbyd ikkje berre hudstellprodukt, dei lagar

jamvel pålegg som til dømes bringebærhonning – og gjev deg elles yvernatting i Vossabia Gjestetun. Med andre ord eit fullstendig konsept bygt upp kring garden deira på Voss..

Å bygja upp ein heilskap

Dei varemerki me hev vore gjennom her er berre nokre av mange økologiske varemerke som er tilgjengelege på god norskt mål. Dei kostar litt meir enn dei vanlege varemerki ein elles finn i daglegvarehandelen, men ein fær meir att for pengane med.

Øg her kjem poenget: Ein kann vanskeleg skilje seg uti forbrukarsamfundet, når ein sjølv byrjar tenkja som ein forbrukar. Jamvel folk som freistar vera eldsjeler, dei plukkar saker dei bryr seg um litt på same måten som ein plukkar ferduge varemerke i daglegvarehandelen...

Dei fleste hev nokre fåe saker dei er medvitne um, men liver elles eit typisk A4-liv innanfor rāmone av det rådande systemet. Nokre er kanskje miljømédvitne, men sender ungane til ein bokmålsklasse. Andre er gjerne målmedvitne, men bryr seg ikkje med kva slags miljøgifter me puttar i oss. På den måten vert det i sum slik at det eine eldsjeli freistar få til på eitt umkverve, det er det ein annan som øydelegg for, og i sum kjem ein ingen veg. Kor som er: Skal samfundet ganga i ei onnor leid enn der hønå sparkar, so treng ein å standa saman, skapa ein røyneleg motkultur. Det er det som gjev kraft til å verkelegt kunna skilja seg ut.

I vanleg næringsverksemd vert bokmålet sett på som det nøytrale, medan nynorsken er noko som stikk seg ut og som ein difor vel å styra undan. For dei som vel å bygja eit varemerke på stadeigen hevdslinor og tilknytning er det derimot stikk motsett, her er det norske målet noko som ein kann nytta som eit hjelpemiddel. Dei økologiske varemerki på nynorsk er ein framifrå måte å setja ihop både naturvern, kulturvern og språklegt medvit. Det er ein liten nisje som enno ikkje når ut til so mange, men som samstundes målber umframme lummor med serhått som vert standande att der sume trudde at kampen for det norske alt var tapt.

Sluttordet:

*Alderdomen gjev ingen mann fred, um sverd honom sparde.
Or Håvamål*